

Hjartdal
- i hjartet av Telemark

Kommuneplanen sin handlingsdel
Økonomiplan 2025-2028
Årsbudsjett 2025
Kommunedirektørens tilråding

Innhold

1. Kommunedirektør si innleiing 3
2. Kommuneplanen sin handlingsdel 7
2.1. Det gode vertskap 8
2.1.1. Innbyggjartalet har gått opp til minst 1600 innbyggjarar i 2027 8
2.1.2. Brukarane av kommunale tenester er nøgde med servicenivået i 2027 11
2.1.3. Innbyggjarane opplever tryggleik, meistring og livskvalitet i 2027 16
2.1.4. Det er kome 300 nye fritidsbustader i kommunen i 2027 19
2.1.5. Hjartdal kommune er ein attraktiv arbeidsplass i 2027 20
2.2. Det grøne alternativet 23
2.2.1. I Hjartdal har alle eit stimulerande nærmiljø med mogelegheit for eit aktivt liv i 2027 23
2.2.2. Potensialet som ligg i primærnæringane er betre utnytta i 2027 25
2.2.3. Natur- og kulturarv blir utnytta i den lokale verdiskapinga 26
..... 26
2.2.4. Den kommunale organisasjonen er miljøvenleg 27
2.3. Det nye blikket 28
2.3.1. Hjartdal kommune skal ha brukarvenlege og framtidsretta tenester i 2027 28
2.3.2. Hjartdal kommune har eit framtidsretta næringsliv i 2027 30
2.3.3. Hjartdal kommune nyttar frivillige som ein ressurs 32
2.4. Resultatmål 33
3. Økonomiplan 38
3.1. Dei store linene 38
3.1.1. Norsk økonomi 38
3.1.2. Kommuneforvaltningas økonomi 39
3.2. Situasjonen i Hjartdal 39
3.2.1. Inntekter 40
3.2.2. Finansområdet 47
3.2.3. Driftsutgifter 48
3.2.4. Økonomiske nøkkeltal 50
3.2.5. Fondsoversikt 53
3.3. Konsekvensjustert budsjett 56
3.4. Tiltak 57

3.5. Gebyr og betalingssatsar 59
3.6. Kommunedirektøren si tilråding 60
3.7. Formannskapet si tilråding 61
3.8. Kommunestyret sitt vedtak 62
3.9. Økonomioversiktar 62
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT 62
..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
BEVILGNINGER – DRIFT - FORDELT PÅ TENESTEOMRÅDE 63
..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
BEVILGNINGSOVERSIKT – INVESTERING 64
..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**
OVERSIKT / UTVIKLING LANGSIKTIG LÅNEGJELD 65

1. Kommunedirektør si innleiing

Økonomisk status og utvikling i planperioden
Føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet er krevjande, visar til 2. tertial statusrapport som krev høg bruk av disposisjonsfond. Auka rente gjer at VA/ sjølvkost krev stor plass i Hjartdal kommune sitt budsjett, i tillegg opplever ein høg prisvekst og høg lønnsdanning. Sektorane har jobba godt med å gjera drifta rasjonell og optimal dei to siste åra, samtidig som ein har hatt fokus på å gjera dei rette grepa for framtida, i den hensikt å dempe ei varsla kostnadsauke på tenestene.

Kommunedirektøren sitt forslag til budsjett- og økonomiplan tek utgangspunkt i tertialrapport for 2. tertial 2024, og dei reelle økonomiske rammebetingelsane på dei frie inntektene (skatt og rammetilskott), og at disposisjonsfondet er disponera til aksjekjøp i Sauland kraftverk. Dette fordrar at ein reduserer driftsutgiftene der ein kan, aukar inntektene der det er mogleg, -og samtidig jobbar med omstilling og dei rette strategiane for framtida på alle sektorar. Og at Hjartdal kommune får på plass ein VA-plan så raskt det lar seg gjera, slik at Kommunestyret får eit grundig og nøytralt faktagrunnlag på moglegheitene, for å ta dei nødvendige beslutningane for å skape ein berekraftig VA-økonomi for alle partar i fjellet, -og for kommunen. Dersom ein ikkje gjer tydelege prioriteringar her, vil ein på ganske kort sikt ramme tenestetilbodet for dei mest sårbare gruppene i kommunen. I påvente av berekraftig VA-økonomi/ sjølvkost har ein sett seg nøydt til å auke eigedomsskatten.

Innspela frå strategikonferansen har vært nyttige, og vært med i heile prosessen. Kommunedirektørens leiargruppa har reflektert mykje rundt at noværande administrative og politiske leiing har lite handlingsrom grunna tidlegare beslutningar. På same vis vil noverande beslutningar innafor VA/ sjølvkost spesielt, leggje grunnlag for om Hjartdal kommune skal ha ein berekraftig kommuneøkonomi med handlingsfridom i framtida.

Vedteke planstrategi som Kommunestyret vedtok i september 2024 svarar godt på Hjartdal sine utfordringar, og ligg derfor til grunn for forslag og prioriteringar av tiltak i planperioden:

2025	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Kommunedirektør	Ny rullering
	Strategisk, overordna plan for vatn og avlaup (Hovudplan for VA)	Samfunnsutvikling	Ny
	Arbeidsgjevarstrategi	Organisasjon	Revisjon
	Trafikktryggleiksplan vedtatt 2021– rullering handlingsdel	Samfunnsutvikling	Revisjon
	Strategisk rekrutterings- og kompetanseplan	Organisasjon	Ny
	Temaplan for helse og meistring	Helse og meistring	Ny
	Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar	Oppvekst og kultur/helse og meistring	Ny
	Plan for oppretting og drift av EPS, vedteke 2023	Beredskapskoordinator	Reviderast

Det er stort behov for å revidere samfunnsplanen slik at satsingar, mål og tiltak heng saman og er ein deil av den daglege styringsdialogen både i administrasjon og mot politisk. Gjennom nye system kan dette arbeidet rasjonaliserast og systematiserast, det vil ein gjera gjennom arbeidet med revidering av samfunnsplanen saman med Kommunestyret.

Drift – rammene til sektorane – effektivisering og interkommunalt samarbeid
Nokre sektorar har krav til effektivisering i planperioden, men rammereduksjonar er definert med konkrete realistiske tiltak og prosessar. Hjartdal kommune har ikkje stort potensial på strukturelle endringar, anna enn på barnehage. Oppvekst anser fortsat at ein gjennomgang av leiarstruktur og oppgåver kan realisere ein reduksjon.
Ift samfunnsutvikling/ drift er effektivisering knytta til noko reduksjon etter gjennomgang av reinhald og reduksjon vedlikehald i ein to-års-periode. Innafor helse og omsorg kan ein ikkje konkret sjå innsparingspotensial, anna enn at sektoren må jobbe med tenestestandardar for framtida som møter auka tal på eldre. Ein har ikkje sett det som mogleg å prioritere ny legeheimel, samtidig som ein sikrar nye lokaler.

Av nye interkommunale samarbeid kan ein nemne advokatsamarbeid i Kongsbergregionen, felles anskaffing av nytt lønns- og personalsystem i regionen - inkludert utredning av formelt samarbeid innafor rekneskap/ lønn og fakturering i heile regionen, interkommunalt samarbeid post/ arkiv, interkommunalt samarbeid økonomi med Notodden og samarbeid om innkjøp i heile regionen. Dette er grep som på sikt vil gje moglegheiter for meir effektiv drift.

Investeringar i planperioden
Investeringar er prioritera forsiktig, og påverkar ikkje drifta i særleg grad. Investeringane er prioritera ut i frå heilt tydelege behov. Reinseanlegg Sauland S. har kapasitetsutfordringar, og må på plass dersom ein skal handtere ønska Sentrumsutvikling. Nokre investeringar må handterast gjennom ein heilskapleg plan for bruk av areal i Sauland sentrum, spesielt i området rundt sjukeheimen.

Prioritering av strategiar for å skape ein meir berekraftig økonomi
Evna til prioritere om, og dreie arbeidet innafor driftsrammene må bli betre. Den økonomiske situasjon tillèt ikkje friske kroner til naudsynte tiltak for framtida. Naudsynte tiltak er faglege lokale og nasjonale vurderingar for å styre utviklinga i rett retning spesielt mtp. demografi, mangel på arbeidskraft og veksande tal på eldre, som gjer eit varsla høgare press på helse og omsorgstenestene.

Strategiar samfunnsutvikling
Kommuneplanen sin arealdel med tilhøyrande planstrategiar er i prosess, og vil resultere i nødvendige prioriteringar. Vedteke bustadplan med tiltak og strategiar svarar godt på samfunnsplanen sitt mål om stabilisering/ forsiktig auke i folketalet. Kommunen tek grep, på bakgrunn av fakta og kunnskap frå andre kommunar. Konkrete tiltak i bustadplan bør koblast til areal kommunen allereie eig, eller areal som er strategisk viktig for kommunen å få kontroll på. I samband med forstudie Solkraftverk og evt. Bygging av Sauland kraftverk vil det gje viktig verdiskaping for Hjartdal som bør koblast til bustadplan og sentrumsplan.

Destinasjonsutvikling Tuddal er over i ny fase, kommunen satsar og tek ansvar for at destinasjonane Tuddal og reisemålet Hjartdal blir berekraftssertifisert, og dette arbeid skjer saman med Visit Telemark og Notodden kommune. I tillegg jobbar Hjartdal saman med Tinn og Fylkeskommunen med utvikling av Stavsro-området, nasjonal turvegar og etablering av Gaustatoppen drifts- og utviklingsselskap for å ivareta drift og utvikling av området på vegne av alle aktørar. Slike tiltak vil styrke Hjartdal som reisemål og Tuddal som destinasjon.

Sentrumsplan legg til rette for sentrumsnære leilegheiter. Demografiutviklinga krev av kommunen legg til rette for aldersvennleg samfunn med god tilgang på lettstelte leilegheiter og eit relevant tenestetilbod med gode møteplassar.

Utvikling av Ørvella industriområde er prosess for mogleg realisering.
Hjartdal kommune bør også vurdere moglegheit for utviding av eksisterande attraktive byggefelt.

Strategiar tenesteutvikling
Det er kritisk viktig av kommunen evnar å ta gode grep for framtida på dei store sektorane, slik at ein klarar å jobbe med omstilling og nøktern drift, samtidig som ein forebygger og tek kontroll på ei varsla kostnadsauke. Innafor helse og omsorg er velferdsteknologi eit slikt grep. Innafor oppvekst er kompetanse og kapasitet til å samordne arbeidet med forebyggande tiltak eit slikt grep. Dette blei prioritera i budsjettet for 2023. Velferdsteknologi vil vera til hjelp for at kommunen kan gje eit forsvarleg tilbod i framtida. Demografiutviklinga fastslår at færre tilsette må betene fleire brukarar, og da må ein nytte andre «kloke» verktøy, -i tillegg til «varme» hender. God kontroll på tildeling av tenester er viktig av mange grunnar, men spesielt mtp. forsvarleg sakshandsaming og at tenester tildelast på rett nivå ift kommunen sine forutsetningar, og som er berekraftig for dei som jobbar i tenesten. Eigne ressursar for tildeling av tenestene blei prioritert i budsjett 2024.

Strategiar organisasjonsutvikling og leiarskap for framtida
Omstilling og endring krev leiing på kommunenivå. Leiarar må i det daglege i større grad sjå moglegheitsrommet innafor eiga ramme, slik at ressursbruken kan dreiast i rett retning, utan nye midlar. Største utfordringa har blitt sjukefråvær og arbeidet med dette er gjett høgast prioritet frå våren 2024. Godt leiarskap handlar om arbeidsmiljø, medbestemming og relasjonskompetanse. Medarbeidarane må bli involvera i gjeldande rammebetingelsar og vera med å utvikle oppgåveløysinga og tenestene på ein berekraftig måte. Hjartdal kommune har eit godt omdøme på arbeidsmiljø, og dette må ein bruke som eit fortrinn og utvikle vidare. Leiarar, tillitsvalde og verneombod må utfordre kvarandre, for å finne dei framtidsretta, smarte og dei utradisjonelle løysingane. Kommunedirektøren si utvida leiargruppe har leiarutviklingsprogram i 2023/2024, og hovudoppgåve er å skape stabilitet og kontinuitet i leiinga, slik ein kan skape gode resultat saman. Frå våren 2024 har arbeidet med sjukefråværet vært høgast prioritert i leiargruppa, og vil bli høgast prioritert til ein ser endringar me som organisasjon kan leva med.

Hjartdal kommune har takka ja til å ta i mot 30 flyktningar i 2024, og har sidan 2022 tatt i mot rundt 100. Det har bidratt til folketalsvekst, og er ein viktig ressurs i Hjartdal-samfunnet. Integrering er avgjeranda for gode liv, og alle innbyggarar er ein viktig ressurs for samfunnet og Hjartdal som organisasjon. Talet på mottak frametter må harmonere med kapasitet i tenestene. Hjartdal kommune som arbeidsgjevar har blitt betre på å bruke arbeidspraksis som ein ressurs. I tillegg er det starta eit arbeid saman med NAV – Partnerskapsløftet – som skal bidra til å få fleire, som står utanfor arbeidslivet, til å komme i arbeid og aktivitet.

Strategiar demokrati
Alle saker som er relevant for dei aktuelle råda, skal byrja der, slik at sakene blir høyrt på «sin» arena, og har ei god forankring før dei gjeng til endeleg handsaming i Kommunestyret. Administrasjonen ynskjer å bruke god tid saman med Kommunestyret slik at ein har ei felles forståing for komplekse problemstillingar og evt løysingar. Mange strategiar og planer er vedteke, som konkretiserast gjennom budsjett og dagleg arbeid i leiinga.

Eventuelle meirinntekter i budsjettsalderinga på Stortinget i desember 2024, eller utover i 2025 bør styrke ei svak botnlinje i Hjartdal kommune.

Med dette som bakgrunn er kommunedirektøren sine anbefalingar tydelege på prioriteringar som støttar oppunder målet om ein berekraftig kommuneøkonomi på sikt. Kommuneleiinga og øvrige deler av organisasjon brukar svært mykje tid på oppfølging av utfordringa i fjellet med usemje, konfliktsaker, klagehandsaming og varsel om søksmål.

Visar til kommunedirektøren si innstilling i saka.

Sauland 25.10.2024
Kommunedirektør
Mona Slaaen

2. Kommuneplanen sin handlingsdel

Kommuneplanen sin handlingsdel byggjer på kommuneplanen sin samfunnsdel som blei vedteken av kommunestyret i juni 2017.

Samfunnsdelen peiker på tre satsingsområde. Handlingsdelen er bygd opp rundt dei same satsingsområda:



Det gode vertskap



Det grøne alternativet



Det nye blikket

(Kommunedirektør gjer merksam på at analysetala som nyttast i statusvurderinga frå KOSTRA er tal frå 2023, som er dei siste tilgjengelege.)

2.1. Det gode vertskap

Dette satsingsområdet handlar først og fremst om korleis vi kan utvikle ein vertskapskultur som gjer det meir attraktivt å besøke og bu i Hjartdal. Vi kan sjå vertskap som ein praktisk filosofi som hjelper menneske, verksemder og stader til å utvikle ei haldning der vi ønskjer velkommen, inkluderer og er opne.

2.1.1. Innbyggjartalet har gått opp til minst 1600 innbyggjarar i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har lagt til rette for eit variert bustadtilbod med leilegheiter, einebustader og spreidd utbygging gjennom framtidsretta og pårekneleg planlegging.
- Vi har jobba for eit tilpassa tilbod av byggeklare tomter, i kommunal og privat regi, og i samarbeid med Husbanken.
- Vi har eit skule- og barnehagetilbod med god kvalitet.
- Vi har jobba for arbeidsplassvekst lokalt og regionalt.
- Vi har eit attraktivt fritidstilbod for alle uavhengig av alder og fysiske føresetnader.
- Vi har nye arbeidsplassar med bakgrunn i lokale ressursar.

Status/kommentar

Med 1655 innbyggjarar per 01.07.2024 mot 1612 1/7-2023 visar det ein vekst på 43 personar siste år. Ein vekst på 2,67% i Hjartdal, Noreg hadde ein vekst på 1% og Vestfold/ Telemark hadde ein vekst på 0,67% i same periode.

Sjølv om målet er nådd, visar framskrivingane til Statistisk Sentralbyrå (SSB) og nasjonale trendar sannsynleg folketalsnedgang for Hjartdal i åra som kjem. Ein distriktskommune som Hjartdal må jobbe særleg godt for å opprettehalde sitt folketal.

Endringar i befolkninga (2023 tal/2022 i parentes):

- Fødde: 11 (19)
- Døde: 14 (18)
- Nettoinnflytting: 47 (24)

Det er viktig å arbeide med strategiar og tiltak som motvirke den negative trenden i folketalsutviklinga. Folketalet er det viktigaste incitamentet for rammetilskot, og avgjerande for å sikre gode og stabile tenester framover (rekruttering).

Kommuneplanen peiker på ei rekkje viktige strategiar for å få fleire innbyggjarar. Administrasjon jobbar kontinuerleg med tiltak som har sannsynleg faktabasert positiv effekt på folketalet, i den

hensikt å motvirke dei nasjonale trendane og sentralisering, bustadplanen peikar på slike strategiar og tiltak.

Bustadmarknaden i Hjartdal består for det meste av einebustader og gardsbruk. Det er ønskjeleg med eit meir variert bustadtilbod. I ny plan for Sauland sentrum er det lagt til rette for bygging av leilegheiter, som er i ferd med bli realisere. Realisering av sentrumsleilegheiter vil vera eit viktig grep for å frigjere hus/gardar for barnefamiliar, og som førstegongsbustad for unge vaksne. Sentrumsnære bustader er positivt for det kommunale tenestetilbodet. Slike leilegheiter bør bli bygd i regi av burettslag eller private. Kommunen sin rolle er å vera planmynde og pådrivar. Vedteke bustadplan er også eit grep som vil stimulere bustadsmarknaden.

Hjartdal har nytt omsorgssenter med institusjonsplassar, KAD plass og omsorgsbustader med heildøgns bemanning (omsorgsplassar), tilsaman 27 plassar. Ein vil i framtida ha behov for omsorgsbustader/ tilrettelagte bustader utan fast bemanning. Ein vil også ha behov for fleire omsorgsbustader/ tilrettelagte bustader med heildøgns bemanning for innbyggarar med funksjonsnedsetting. Dette skal også dekke behovet for avlasting. I kva omfang kommunen treng å bygge nye bustader heng saman med bustadplan og sentrumsplan, og utbygging i regi av private utbyggjarar.

Vi har stort fokus på å tildele tenester på rett nivå i meistringstrappa. Det er difor viktig å sette inn tilstrekkeleg med tiltak og tenester på dei lågaste trinna i meistringstrappa, jf velferdsteknologi og forebyggande tiltak. I strategisk handlingsplan for eldreomsorga (Leve hele livet) er det vedteke fleire tiltak der vi i samarbeid med innbyggarane skal utvikle tilbod og tiltak som bidreg til at folk kan bu lengst mogeleg i eigen bustad. Leve heile livet reforma blir følgd opp av ei ny reform – «Bu trygt heime».
For å få eit godt grep om dette arbeidet, har kommunen etablert bustad- og tenestekontor våren 2024. Det er utarbeidd kriterier for tildeling av tenester og tildeling av bustader. Det er også utarbeidd tenestestandardar som beskriv kva innhald dei ulike tenestene har og kva innbyggjarane kan forvente å få hjelp til. Det utarbeidast også ein heilskapleg tenesteguide som gjer innbyggjarane ein oversikt over tenestetilbodet i kommunen.

Legekontoret sine lokale er svært slitte og uhygieniske. Lokala har vore under utgreiing i lengre tid, og det er behov for tiltak / investering på legekontoret i økonomiplanperioden. Tiltaket bør sjåast i samanheng med målet om å auka attraktivitet ved å bu i kommunen, og ikkje minst behalde og rekruttere legar.
Kommunestyret har vedteke å kjøpe bankbygget, og det skal brukast til nytt helsehus.
Planleggingsarbeidet er i gang, slik at ein er klar til å starte ombygging så snart banken flyttar inn i nye lokale.
Sveitserhuset (delar av dagens helsehus) skal nyttast til dagsenter for demente når helsekontoret flyttar inn i nye lokale.

Eit kvalitativt godt skule- og barnehagetilbodet er av stor tyding for kor attraktiv kommunen er som bustadkommune. I tillegg har barnehage og skule stor tyding for forebyggande arbeid for barn og unge. I 2024 har vi aukande fokus på gode system for forbygging i sektoren, samt behov for å styrke spesifikk kompetanse sektoren manglar i dag.
Innsparingskrav i sektoren som starta i 2022 og hald fram i 2023, vil i 2024 gje ei meir effektiv drift både i barnehagane og på skulen. Bemanningsnivået i barnehagane ligg nå tett på minimumskravet i

lovverket som er på 6 plassar pr. tilsett, vi ligg i snitt på 5,1. Vi bør ha rom for løypande opptak gjennom året med tanke på at vi skal ta imot flyktningfamiliar og nye innbyggarar.

Overgangen frå spesialundervisning til inkluderande undervisning representerer eit viktig steg mot å skapa ein meir likestilt og inkluderande skule for alle elevane. Dette skiftet i tilnærminga er i tråd med LK20 (Læreplanen for Kunnskapsløftet 2020) og Kompetanseløftet, som legg vekt på behovet for å tilpassa undervisninga for å møta mangfaldet blant elevane. Inkludering handlar om å gi alle elevane moglegheita til å delta fullt ut i den vanlege undervisninga, uavhengig av individuelle utfordringar. Nokre konkrete tiltak vi vil arbeide med er; god kompetanse på og system for kartlegging, godt tverrfagleg samarbeid, universelt utforma klasserom, skular og barnehagar, god tilpassa undervisning og god elev- og foreldreinvolvering.

Gjennom ein målretta innsats med slike tiltak kan skular skapa eit inkluderande læringsmiljø som oppfyller krava i LK20 og Kompetanseløftet, samtidig som dei gjev kvar einaste elev moglegheita til å nå sitt fulle potensiale.

Hjartdal kommune har vore med i Oppfølgingsordninga for 2022-2025 grunna dårlege resultat i snitt dei siste 3 åra. Siste året visar likevel at resultata er på veg oppover både i lesing og grunnskulepoeng. Sektoren skal i 2023 og 2024 arbeide med tiltak som er tufta på analyse i oppfølgings år 1. Hjartdal kommune får hjelp og støtte til arbeidet både ved rettleiarar frå USN og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Vi har fått midlar til å finansiere ein fagrettleiar på skulen i perioden. Prosjektet skal avsluttast vår-24 med grundig analyse og evaluering, samt mål om eit oppvekstseminar.

For å nå målet om å auke innbyggjartalet er den regionale **arbeidsmarknaden** viktig. Hjartdal inngår i ein regional bu- og arbeidsmarknad. Det er viktig at kommunen gjer seg attraktiv som bustad og er med på å stimulerer næringslivet både lokalt og regionalt. Den største sektoren i den lokale arbeidsmarknaden er landbruksnæringa og bygge- og anleggsnæringa.

Med om lag 2500 **hytter** og ein arealplan som legg til rette for vesentleg utbygging i åra som kjem, er det ingen tvil om at det er mogeleg å skape vekst i den lokale arbeidsmarknaden. Det har vært høg aktivitet i hyttemarknaden, ein ser nå lågare aktivitet som etter kvart vil normalisere seg. Hyttemarknaden gir ikkje arbeid berre i samband med utbygging, men og i form av vedlikehaldstenester, handel og opplevingar. Lokale og kortreiste produkt vil vere viktig å tilby våre fritidsinnbyggjarar. Samarbeid mellom små, lokale firma vil kunne gjere dei konkurransedyktige i ein større marknad – òg utanfor kommunen. Kommunen vil arbeidde aktivt for å bygge opp ein kultur og ein sjølvrøynsle med alle aktørar for å bidra til å løfte Tuddal som reiselivsdestinasjon. Kommunestyret har bevilga 1,2 mill kr til arbeide med å fremje Tuddal som reiselivsdestinasjon. Arbeidet starta opp i 2022 med eit forstudie og brukerundersøking. Vidare er reiselivsstrategi for Hjartdal utarbeida. Sist del av prosessen vil skje saman med Notodden, Visit Telemark veiledar for at Hjartdal skal oppnå status som berekraftig reisemål. I tillegg jobbar Hjartdal kommune saman med Tinn og Fylkeskommunen for å få på plass felles ressursar for drift og utvikling av området.

Mogelegheit for ei **aktiv fritid** er viktig for å nå målet om auka folketal. Fritidstilbodet er prega av eit aktivt organisasjonsliv, og dugnadsviljen er stor. Kommunen får mykje igjen for dei tilskota som blir gitt til drift av lag og organisasjonar. Det kommunale fritidstilbodet består av kulturskule, bibliotek, ungdomsklubb og tiltak finansiera av Ung Arena midlar. Alt er alle samla i Bygg 3 - Saulandtunet.

Hjartdal kommune er tent med gode møteplassar for eit aktivt organisasjonsliv. Skulebygga er ein viktig møteplass for idrettslag og andre lag. Derfor viktig å oppretthalde bygga for å framleis ha eit aktivt fritidstilbod i heile kommunen. Av omsyn til vedtektene i Montessori stiftingane må lag og foreiningar avtale bruk av bygga direkte med stiftingane, noko som ser ut til å fungere greitt. Hjartdal kommune og Sauland skule satsar no på å arbeide aktivt for at Sauland skule skal bli ein nærmiljøskule der det skal vere mykje aktivitet både på dag og kveld.

Kulturskulen har høg kvalitet og dyktige tilsette. Kulturskulen er ein god omdømebyggar, samt ein viktig arena for å inkludere barn/unge. Tilbodet på kulturskulen spenner seg frå song og instrumentopplæring til teikning, dans og skyting. Bredda i tilbodet bidreg til at det engasjerer mange barn og unge. I 2025 vil vi ha nokre friplassar for låginnteksts familiane slik at borna deira kan ha høve til å ta del i tilbodet.

Prioriterte tiltak i 2025 for å oppretthalde folketalet i 2027:

- Vi gir råd og rettleiing som stimulerer grunneigarar til vidare utvikling av områder avsett for utbygging
- Gjennomføre prosjekt for å fremje Tuddal som reiselivsdestinasjon i tråd med kommunestyret sitt vedtak
- Vi vidarefører samarbeid med burettslag og private aktørar for realisering av sentrumsnære leilegheiter og andre bustader i kommunen i tråd med kommunestyret sitt vedtak i Bustadplanen
- Vi gjer råd og rettleiing som stimulerer til vekst i næringslivet
    - for eksisterande og nye bedrifter
    - for samarbeid mellom aktørar, lokalt og i regionen
    - gjennom strategisk tilrettelegging for næringslivet i utviklingsarbeid
- Vi arbeider med å tilby rett nivå og kvalitet i våre primærtenestar
- Vi har fokus på at kommunen skal vere synleg, og ha eit positivt omdøme.
- Vi utredar fjern-arbeidsplassar/ kontorfellesskap - næringshage i «NAV-delen» av kommunehuset
- Vi følger om bustadplan med konkrete strategiar og handlingsplan
- Vi utredar å etablere Ørvella industriområde (arealplan)
- Vi utredar og etablerar Dalen (arealplan)
- Vi vurderar utviding eksisterande byggefelt (arealplan)
- Vi stimulerer til å eige framfor å leige, ved bruk av startlån
- Vi benyttar Husbanken sine virkemidlar og verktøy i arbeidet med bustadplanen
- Vi er ein aktør i bustadmarknaden – Bustadplanen
- Vi skal utvikle gode universelle førebyggande tiltak slik at alle kjenner seg inkludert og som ein del av samfunnet vårt

2.1.2. Brukarane av kommunale tenester er nøgde med servicenivået i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har ei sakshandsaming som er effektiv og med høg kvalitet.
- Vi har forenkla tilgang til informasjon og rettleiing.
- Vi er gode på digital informasjon tilpassa ulik bakgrunn og språk.
- Vi har utvikla det regionale samarbeidet, og søkt interkommunalt samarbeid der det vil gje brukarane betre tenester.
- Vi har tenester med høg kvalitet

Status og kommentar

Målet handlar om dei primære og lovpålagte oppgåvene kommunen har. Det er ei utfordringa at forventningane til dei kommunale tenestene aukar, samtidig som dei økonomiske rammene gjer det nødvendig å redusere kvaliteten på tenestene.

Effektiv sakshandsaming handlar om å ha rett kompetanse og gode elektroniske verktøy. Begge deler er utfordrande i ein liten kommune, da medarbeidarar hos oss må vere generalistar. Med få fagfolk er vi også svært sårbare ved fråvær. Interkommunalt samarbeid er naudsynt for å sikre gode og stabile tenester.

Rask og god sakshandsaming er eit positivt konkurransefortrinn. Både kompetanse og kapasitet er tidvis utfordra, og framover ser ein behov for å utvide det interkommunale samarbeidet. Det er aktuelt innan fleire område der krav om kvalitet og tilgjengelegheit er store, og der større fagmiljø er viktig for å vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Vi har også i år måtte sette av uføresette, store ressursar til å arbeide med problemstillingar i fjellet knytt til VA-utbygginga, når det gjeld refusjonssaka, oppfylging av tilknyting, hytteeigarar med meir.

Interkommunalt samarbeid er naudsynt for å utnytte ressursane effektivt og for å sikre forsvarlege og faglege tenester, samtidig som ein opplever rekruttering til visse fag som utfordrande. Kommunedirektøren vil peika på at innsparing på interkommunalt samarbeid handlar om mindre sårbarheit. Kommunedirektørane i Kongsberg-region er positive til samarbeid av formell og uformell karakter.

Tenesteproduksjon. I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det vi skal oppnå fornøgde brukarar ved å ha tenester av høg kvalitet. For å ha ein berekraftig økonomi er det naudsynt å sjå med nye auge på kvalitet. Når vi kuttar i rammene, må fokus gå frå «best» til «godt nok». Kor nøgde brukarane er, har òg samanheng med kva for forventningar dei har. Å skape ei felles forståing for dette er krevjande, men viktig.

Informasjon frå kommunen skal vere tydeleg og lettfatteleg. Mange opplever at lover og reglar er vanskelege å forstå. Kommunen er pliktig til å yte hjelp og rettleiing overfor brukarane slik at dei er i stand til å ta vare på sine interesser. Heimesida og kommune-Kari er eit godt verktøy som ein vil prioritere å utvikle vidare. Målet er gode digitale tenester til befolkninga 24/7 gjennom sjølbetjening og ta i bruk digitalisering på ein brukarvennleg måte. Tenestesamarbeidene i Kongsbergregionen gjer at vi har god kompetanse og retning i dette arbeidet.
Kommunedirektøren ynskjer å sette innbyggardialog, kommunikasjon og informasjon høgare på dagsorden.

Kommunebarometeret (www.kommunebarometeret.no) gir eit bilete av korleis kvaliteten på tenestene er i Hjartdal samanlikna med andre kommunar. Undersøkinga er å oppfatte som ei objektiv

vurdering av tenestekvalitet – i motsetnad til brukarundersøkingane som er ei subjektiv vurdering av kvaliteten. Kommunane er rangert etter 151 nøkkeltal, på tvers av 12 ulike sektorar. Hjartdal landar ganske langt nede på totaltabellen, på plass 282 mot 298 året før, men ein ser sakte betring dei tre siste åra. At Hjartdal kommune utviklar seg i rett retning på dei store sektorane: skule og pleie og omsorg er svært viktig og gledeleg å sjå, og ein peikepinn på at ein saman arbeider og prioritetar rett både med omstilling og utvikling. Av tala ser ein også at Hjartdal kommune har utfordringar på vatn og avlaup, og det er denne utfordringa som må løysast.





Dei kommunane som kjem godt ut, driv effektivt innafor dei store sektorane grunnskule og pleie og omsorg. Pleie og omsorg forbetra si plassering med 85 plassar i 2022, og forbetra seg ytterlegare med 78 plassar i 2023. Grunnskule har forbetra seg med 84 plassar i 2023.

Kostnadsnivået i Hjartdal ligg på 323. plass, liten endring frå året før, men nivået er likevel høgt.

Kommunedirektøren meiner det må vere eit mål å komme blant dei 50% beste kommunane. Det betyr rangering 178 eller betre. Pleie og omsorg, barnehage og kultur har denne plasseringa inne. Det er satt fokus på dette arbeidet frå leiinga, slik at sektorane har fokus på korrekt rapportering og rett prioritering.

Prioriterte tiltak i 2025 for å nå målet om nøgde brukarar av kommunale tenester

- Arbeide med å utvikle profesjonsfellesskapet på skulen og i barnehagen i samarbeid med USN.
- Vidareutvikle intensiv opplæring på alle trinn (ressurs). Vi skal utvikle gode system, rutinar og arbeidsmåtar gjennom arbeidsåret 2025-2026
- Revidere kompetanse- og utviklingsplan, vår 2025
- Rekning og matematikk, kompetanseheving gjennom samarbeid med USN og Åsne Midtbø Aas. Det skal utarbeidast plan for rekning og matematikk frå barnehage og ut grunnskulen i Hjartdal. Ferdig 01.08.2025
- Miljøterapeut på skulen - styrka innsats gjennom prosjektmidlar
- Skulebibliotek som inkluderande arena, prosjekt 24-26. Med mål om permanent tiltak frå hausten 2026
- Liv og røre - prosjekt i samarbeid med fylket (aktiv, praktisk læring).
- Revidere og utvikle plan for vurdering for læring. Ferdig vår-25.
- Forebyggande team med fokus både på leik, læring, utvikling og trivsel. Styrke arbeidet gjennom prosjektmidlar
- Medverknad gjennom å involvere elevråd og ungdomsråd i aukande grad og inn mot tema som vedkjem denne aldersgruppa.
- Etablere arbeidsgruppe av og med ungdom for å arbeide med tiltak etter Ung data kartlegging. Oppstart haust-24, arbeidet held fram ut 2025.
- Auke fokus på foreldreinnvolvering og foreldrerettleiing. Cos-rettleiing på fleire nivå. Oppstart haust-24, arbeidet held fram i 2025.
- Gjennomføre brukarundersøkingar haust 2025 både i barnehagane og på skulen.
- Oppfølging av skuletrivsel gjennom systematiske kartleggingar 3 gonger i året med påfølgande analyse og tiltak.
- Styrke skulen som "nærmiljøskule" med variert tilbod av aktivitet. Invitere lag- og organisasjonar til samarbeid.
- Utvikle gode dokumentasjonsrutinar gjennom bruk av BTI. Vi skal utvikle felles rutinar i Kongsbergregionen ila 2025.
- "Godt språk", fokus på positiv språkbruk, viktig for å ha eit trygt og godt miljø

- Rett kvalitet i helse og meistring
  - Vidareføre fokus på effektiv drift i nytt omsorgssenter. Vi arbeider med ulike prosjekt som er TØRN baserte, i kvar eining.
  - Prioritere tiltak på lågare trinn i meistringstrappa, mellom anna digitale verktøy, for å sikre rett nivå på tenester

    - Ta ut gevinstane ved bruk av digitale verktøy. Her vil vi ha eit nært samarbeid med Responssenteret
    - Leve Hele Livet; Følgje opp tiltaka i planen, og vidareføre til den nye reforma "bu trygt heime"
    - Betre pasientforløp for astma/kols, diabetes, hjarte/kar pasientar, demente, kreft og lindrande omsorg. Arbeide for å få på plass AKS (avansert klinisk sjukepleie) kompetanse
    - Målretta ernæringstiltak; ernæringskartlegging og felles prosedyrar for oppfølging av eldre sin ernæringssituasjon
    - Omstilling av tenestene frå kompenserande til forebyggande tiltak gjennom kvardagsrehabilitering, velferdsteknologi, forebyggande heimebesøk mv. Eit anna viktig tiltak er dagtilbod til heimebuande demente. Hjartdal har dette tilbodet 2 dagar pr veke.
    - Ha fokus på «korleis organisere tenestene i lys av teknologi og korleis evnar vi å jobbe annleis»
    - Kompetanseheving innan ulike fagområde som f eks ABC opplæring, fagarbeider-utdanning m.m. Vi har også eit ekstra fokus på god fagleg språkforståing for dei som ikkje har norsk som hovudmål, itråd med at Hjartdal har mange flyktningar.
    - Det er inngått eit samarbeid med IDEA og flyktningetenesten som handlar om utføring av profesjonsnøytrale oppgåver ved Hjartdal omsorgssenter. I samarbeidet med IDEA leggast det til rette for at deltakarane får ein "ordinær" arbeidskvardag. I samarbeidet med flyktningetenesten er fokus språktrening og integrering.
- Auka kvalitet i barnehagen
    - gjennom bruk av BTI (Betre tverrfagleg innsats) i barnehage og skule
    - Kompetanseheving gjennom arbeid med utviklingsarbeidet *Alle med* og *inkluderande læringsmiljø i barnehagen;* tidleg og tverrfagleg innsats
    - *Gjennom analyse og tiltak etter brukarundersøkingar*
    - Vidareutvikle forebyggande team. Vi skal søke om prosjektmidlar til "miljøteam" i 2025.
    - Matematikk, kompetanseheving saman med Dysleksi Noreg og USN.
    - Auke pedagogtettleik i barnehagen ved naturleg avgang frå tilsette.
    - Brukarundersøking haust 2025.
    - Systematisk bruk av barnesamtalar – barnets stemme i kvardagen
    - Systematisk rettleiing av tilsette
- Fokus på digital tilrettelegging for brukarane
    - gjennom tydeleg og tilgjengeleg informasjon frå kommunen
    - aktiv bruk av ny heimeside og digital spørsmålsteneste (Kommune Kari, mål om kommunevert)
    - meir bruk av velferdsteknologi, som f eks digitale pasienttavler, multidosedispensere, mobil tryggingsalarm/GPS, digital heimeoppfølging og følgje dette opp med å dokumentere gevinstar.
    - Bruk av **velferdsteknologi** blir viktig og nødvendig for at kommunen skal klare å gi omsorgstenester til alle i framtida. Det er ikkje nok varme hender til

å gi alle pleie og omsorg på den måten vi gjer i dag. Når veksten i innbyggjarar over 80 år skyt fart frå 2027, må vi prioritere dei varme hendene til dei som har mest behov. Det tyder ikkje at tenestene til dei andre blir dårlegare enn i dag, men annleis. Mange vil oppleve at bruk av velferdsteknologi gir større meistring, fridom og livskvalitet.
    - Velferdsteknologi er ikkje berre nytt for dei tilsette, men òg for brukarane. I tida som kjem vil stadig fleire av brukarane vere vane med bruk av moderne teknologi. For å dempe presset på kommunale tenester vil det vere viktig å stimulere eldre til bruk av til dømes smarthus-teknologi slik at dei kan klare seg lengst mogleg i eigen heim utan kommunale tenester. Kommunen vil ha stort fokus på velferdsteknologi og digitale løysingar i økonomiplanperioden.
    - Informere og stimulere til bruk av velferdsteknologi i private heimar – til dømes med informasjon i pensjonistlaga og heimebesøk til innbyggarar over 75 år.
    - I høve til å ta i bruk nye digitale verktøy og dokumentere gevinst av dette, har vi eit tett samarbeid med Responssenteret.

- Fokus på interkommunalt samarbeid
    - Via etablerte tenestesamarbeid i regionen
    - Gjennom å utforske ytterlegare samarbeid
    - Brukarundersøkingar som grunnlag for justering av tenestenivå
    - Gjennomføring av Utdanningsdirektoratets elevundersøking og foreldreundersøking
    - Systematisk bruk og analyse av Ung data og oppvekstprofil
    - Felles BTI-system i Kongsbergregionen.
    - Gjennom Rådet for eldre og nedsett funksjonsevne og møter med pensjonistlaga i kommunen, kartlegge behov for utvikling av eit aldersvenleg samfunn

2.1.3. Innbyggjarane opplever tryggleik, meistring og livskvalitet i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har lagt til rette for at barn blir hørt i alle avgjerder som dei blir råka av, og lagt barnekonvensjonen til grunn for arbeidet med barn og unge.
- Vi har jobba systematisk med tidleg innsats som bidreg til å utvikle trygge, helsefremjande og stimulerande miljø for alle.
- Vi har nytta MOT-strategiane for at unge menneske får inspirasjon til å ta modige val.
- Vi har lagt til rette for at menneske meistrar eige liv så lenge som mogleg.
- Vi har nytta prinsippa om universell utforming på alle nivå frå plan til byggjesak på uteområde og bygningar
- Vi har jobba målretta og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap for å førebygge skader og ulykker, både menneskeskapte og naturgitte.

Status/kommentar

Kommunen yter tenester til alle gjennom heile livet. Hovudtanken er likevel at den enkelte skal kunne klare seg sjølv, men på en slik måte at kommunen er der når det er behov.

Tidleg innsats for barn og unge og deira familiar er ei brei nasjonalsatsing som krev at tenester i "laget rundt barn og unge" har gode system for samarbeid slik at rett tiltak setjast inn til tett tid. Hjartdal kommune har vedteke plan for førebyggande arbeid jmf barnevernlova §3-1. Planen har klare mål for arbeidet framover, som vil styre prioriteringane i det forebyggande arbeidet framover:

- *Barn, unge og familiar får rett hjelp til rett tid*
- *Barn og unge er medverkande i eige liv*
- *Kommunen tilbyr tenester og tiltak som fremmer god fysisk og psykisk helse for barn og unge*
- *Hjartdal kommune arbeider systematisk for å motverke konsekvensar av fattigdom for barn og unge*
- *Vi har kontinuerleg kompetanseutvikling i tenester som inkluderer barn og unge*
- *Hjartdal kommune arbeider for å ha eit variert og inkluderande kultur og fritidstilbod*
- *Hjartdal kommune har god samhandling og samordning mellom tenestene*

Hjartdal kommune har dei siste åra satsa både på BTI og Circle of Security (COS) i oppvekstsektoren og dette arbeidet vil halde fram. Arbeidsgruppene "Betre tverrfagleg innsats for barn og unge" og " Vald i nære relasjonar, rus, psykiatri og gjengangarar" har utarbeida felles handlingsplan og årshjul for forebyggande arbeid. Målet med arbeidet er at *Hjartdal kommune skal vere ein inkluderande og trygg kommune med trygge og g gode oppvekst- og levekår.*

Hjartdal kommune har vore ein **MOT**-kommune (lokalsamfunn med MOT) sidan 2009. MOT arbeider med barn og unge sine verdiar og haldningar slik at dei står betre rusta til å møte ungdoms- og vaksenlivet. Hjartdal kommune har òg trekt MOT sine verdiar inn i kommunale styringsdokument og målsettingar.

Hjartdal kommune deltek i *Program for folkehelsearbeid i kommunane*, eit samarbeid mellom KS, Folkehelseinstituttet, Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdepartementet. Målet med programmet er at barn og unge i Telemark opplever god psykisk helse og livskvalitet, har tru på eigne ressursar og opplev stor grad av meistring, tryggleik og tilhøyrsle.

Vi satsar på førebyggjande arbeid og har dreia ressursbruk frå oppvekst til ein førebyggjande miljøterapeut. Miljøterapeuten held tak i fleire lovpålagte funksjonar som SLT (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggande Tiltak) barnekoordinator, barne- og ungdomsarbeid og folkehelsearbeid. Tiltak som jobbast med er foreldrerettleiing og informasjon til føresette og tilsette, kartlegging av Hjartdal kommunes utfordringar, aktivitetstiltak som sommarskule, Join-app og turar, arbeid med å kartlegge behov for å styrke psykisk helse arbeid. Miljøterapeut er i tett dialog med tenestene rundt barn og unge og i samarbeid med det frivillige. I 2025 har vi som mål å starte opp "

Etter skuletid", tilbod for elevar på mellomtrinnet ein gong i veka.

Samfunnstryggleik og beredskap har fått auka fokus dei siste åra. Hovudårsaka til dette er klimaendringane og eit endra trusselbilete. Kommunane sin arealplanlegging må ta høgde for meir ekstremvær. I tillegg er det auka fokus på oppdaterte beredskapsplanar og å øve på handtering av ulike krisesituasjonar. Statsforvaltar arrangerer øvingar og stiller krav til kommunane.

Hjartdal kommune har tatt sin del av eit viktig samfunnsansvar ved å busette flyktningar. Kommunen tek imot flyktningar på førespurnad frå Integrerings–og mangfaldsdirektoratet - IMDI – i tråd med kommunestyrevedtak. Sidan 2013 har Hjartdal kommune busett flyktningar frå Eritrea, Somalia, Kongo, Burundi, Syria og Ukraina dei siste åra. Av dei vi tek imot i periode 2013 til 2018, bur det fortsett 46 personar i kommunen. Nokon er i arbeid eller under utdanning og andre har kjøpt seg hus. Kommunestyret vedtok å busette 40 flyktningar i 2022 og 50 flyktningar i 2023. I 2024 har vi busett 30 flyktningar. Vi ser no ein trend på at nokre frå Ukraina dreg heim.

Gjennom kommunestyrevedtak har kommunen forplikta seg til å tilby bustad og introduksjonsprogram for dei flyktningane som blir busett. Kommunen får ulike tilskot frå staten for å dekkje utgiftene som følgjer med busetjing og integrering. Erfaringa etter 10 år syner at Hjartdal har mange gode føresetnader for å busette, og gje flyktningar ein godt grunnlag for å etablere eit sjølvstendig liv i Norge og vera ein ressurs i Hjartdal-samfunnet.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om å oppleve tryggleik, meistring og livskvalitet:

- Arbeid med tidleg innsats i skule og barnehage. Med særleg fokus på universelle tiltak.
- Praktisk, variert undervisning i skulen, særleg fokus i 2025
- Vidareutvikle aktivitetar på bygg 3, "Biblioteket" som kan bidra til ein god møteplass
- Vidareutvikle samarbeid med det frivillige Hjartdal i 2025
- MOT sine verdiar skal gjennomsyre oppvekstsektoren med systematiske tiltak gjennom heile året.
- Forbetre den universelle utforminga av kommunale bygg og anlegg
- Nytte barnerepresentanten i plansaker og inn mot Ungdomsrådet i større grad
- Friluftslivets år 2025 – tiltak for alle aldrar.
- Lokal "modell" for arbeidspraksis etter intro for flyktningar. Utarbeide vår-25
- Skulen tar del i prosjekt: HeAls, kartlegging av Folkehelse og Livsmestring, med påfølgande oppfølging.
- Arbeid med overgangen frå Leve heile livet - kvalitetsreform for eldre over 65 år, til bu trygt heime
- Bidra til å skape gode augeblikk og meiningsfull aktivitet i kvardagen for dei eldre i samarbeid med Hjartdal frivilligsentral og andre frivillige lag og organisasjonar.
- Gjennomføre jamlege kriseøvingar
- Etterfølgje rutinar for trafikksikker kommune i einingane.

2.1.4. Det er kome 300 nye fritidsbustader i kommunen i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har jobba for at Hjartdal som sentralt plassert vertskommune for fritidsbustader er betre kjend.
- Vi har effektiv sakshandsaming av private planframlegg.
- Vi har nytta utbyggingsavtalar med private bidrag til infrastruktur/skiløyper.
- Vi har jobba for å redusere konfliktane knytt til løypenettet.
- Vi har lagt til rette for høgare utnytting i eksisterande og nye hyttefelt.
- Vi har bygd ut moderne vass- og avlaupsnett.
- Vi har Tuddal som hovudsatsingsområde for hyttebygging.

Status/kommentar

Det ligg 2525 fritidsbustader i Hjartdal kommune, og det ligg store tomte- og arealreservar i gjeldande arealplanar i heile kommunen. Samla potensiale for nye fritidsbustader i heile kommunen i gjeldande kommuneplan er ein stad mellom 2750 og 4220. Kommuneplanen sin arealdel er under arbeid og då vil desse tala endre seg. Kommunestyret fastsette 12. juni 2024, sak 39/2024, planprogram med følgjande arealstrategiar:

1. Variert bustadtilbud:

- Legge til rette for eit meir variert bustadtilbod med fleire leilegheiter og mindre einingar i tettstadene.

2. Tuddal er satsingsområde for fritidsbustader og destinasjonsutvikling:

- Planen skal legge til rette for fritidsbustader i eit omfang som svara til dagens kapasitet på vassverket og reinseanlegget. - Fortetting av eksisterande byggeområder skal prioriterast før nye utbyggingsområde.
- Planens skal fastsette ein langsiktig utbyggingsgrense for fritidsbustader i Tuddal som tar omsyn til viktige naturverdiar, villreinens leveområde, omsyn til friluftsliv og landskap og destinasjonens attraksjonsverdi.
- Gjennomgå eldre reguleringsplanar for fritidsbustader, områder for fritidsbustader i gjeldande plan som ikkje er regulert og område for spreidd fritidsbustad og vurdere behov for å omdisponere desse på bakgrunn av arealstrategiane for planarbeidet og oppdatert kunnskapsgrunnlag.

3. Natur- og kulturverdiar skal takast vare på og brukast i lokal verdiskaping:

- Ved vurdering av nye byggeområde og gjennomgang av område som ikkje er realisert i gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar vil bevaring av naturverdiar, myr og dyrka mark bli vektlagt.
- Kommunen vil gå i dialog med Statens vegvesen om framtidig trasé for E134 gjennom Hjartdal kommune for å avklare framtidig trasé, også for å unngå nedbygging av naturområde og kulturlandskap
- Kommunen ønsker å legge til rette for solkraftanlegg som tar omsyn til natur- og

miljø.

4. Samfunnstryggleik og klimatilpassing:

- Planen skal ivareta omsynet til samfunnstryggleik og beredskap basert på oppdatert kunnskap og behov for tilpassing til klimaendringar.
- Som del av planarbeidet vil kommunen vurdere kartlegging av ras og skredfare i utvalde eksisterande utbyggingsområde.
- For å ivareta omsyn til flaumfare langs Hjartdøla leggast eksisterande flaumsonekartlegging til grunn der dette finnast, og elles brukast aktsemdskart.
- Omsyn til drikkevasskjelder skal prioriterast i planen

Hjartdal kommune har, gjennom det kommunalt eigde selskapet Russmarken VA AS, bygd ut **vatn og avløp** til dei mest sentrale delane av Tuddal (Russmarken-Kovstulheia). Vidare utbygging ville ikkje vore aktuelt utan ei offentleg VA-løysing. Det har vore mange utfordringar i utbygginga. Nytt reinseanlegg stod ferdig våren 2024, og er nå i ei innkøyringsfase. Det er sendt søknad til Statsforvaltaren om utsleppsløyve etter forureiningslova.

Hovedfokus framover er å auke tilkoplingstakta i fjellet om kommunen skal oppnå økonomisk berekraft. Målet om 300 hytter innan 2027 betyr eit krafttak i ei tid der marknaden har stagnert veldig. i snitt 30 nye hytter per år. Status så langt i perioden er langt ifrå målet.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om 300 nye fritidsbustader i 2027:

- Opprette god dialog og samarbeidsarenaer med grunneigarar, utbyggjarar og hytteeigarar
- Utarbeide overordna VA-plan
- Skape forutsigbar utvikling av gebyr og andre kostnadar
- Kommuneplanens arealdel ferdigstilles i 2025
- Fortsette arbeidet med Destinasjonsutvikling Tuddal - reiselivsprosess og berekraftig reisemål, saman med Visit Telemark er i gang høsten 2024
- Etablering av Gaustatoppen 1883 – drifts- og utviklingsselskap saman med Tinn, fylkeskommunen og private aktørar
- Stimulere til felles marknadsføring, framsnakking og omdømebygging, både gjennom midlar, rådgjeving og koordinerande innsats – jobbe for vinteråpen veg, eller andre alternativet
- Kovstulplanen – arbeide for vedtak og realisering
- Vurdere utviding av reinsedistriktet (overordna VA-plan)
- Legge til rette for fortetting innafor reinsedistriktet (arealdel)

2.1.5. Hjartdal kommune er ein attraktiv arbeidsplass i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi er ein attraktiv kunnskapsarbeidsplass.
- Vi har ein effektiv ressursnytting.
- Vi har tatt ut gevinstar ved bruk av digitale verktøy og løysingar.
- Vi er kjent med og nytter ny fagkunnskap, forsking og metode.
- Vi har ein organisasjon som møter samfunnet og brukarane sine behov.
- Vi har ein organisasjon som legg til rette for tilsette med nedsett funksjonsevne.
- Vi har utvikla kunnskap og kompetanse gjennom eigen organisasjon.
- Vi har jobba tverrfagleg med utvikling av tenestetilbodet.

Status/kommentar

Hjartdal kommune, som organisasjon, er den største lokale arbeidsgjevaren og er ein **kompetansearbeidsplass**. Dei kommunalt tilsette har med få unntak enten fagbrev eller ein høgare profesjonsutdanning/akademisk utdanning. Kampen om denne arbeidskrafta blir stadig tøffare. Ein del yrkesgrupper (sjukepleiarar, legar og lærarar) er det svært utfordrande å få tak i. Det er derfor viktig at Hjartdal kommune blir oppfatta som ein attraktiv arbeidsplass i den regionale arbeidsmarknaden.

Samarbeidet med dei tillitsvalde og vernetenesta er viktig og kommuneleiinga har faste møte med tillitsvalde og hovudverneombod, slik at ein sikrar tidleg, god og open informasjonsflyt.

Skulen er godt i gang med kompetanseutvikling for å oppfylle nye kompetansekrav knytt til Fagfornyelsen i skulen. Målet var at det skulle vore gjennomført innan 2025. Vi ser no at det vil vere ein kontinuerleg prosess. Vi ser ei aukande utfordring med å få tilstrekkeleg tilsette med rett fagkompetanse i skulen og barnehagen. Ny opplæringslov sett også krav til kompetanse når elevar skal ha individuell tilrettelagt undervisning. Vi skal kartlegge og utvikle formell kompetanseplan våren 2025.

I barnehagane er det no mange som har tatt rettleiarkompetanse, og vi har to nye styrarar. I 2025 vil vi derfor vurdere å utvikle eit leiarprogram for styrarane.

Gjennom utviklingsarbeidet “Alle med” i Kongsbergregionen er Hjartdal kommune med i tre statlege finansierte kompetanseordningar. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Regional kompetanseordning for barnehagar, og desentralisert ordning for skule.

Vi har to eigne satsingar i kommunen, frå barnehage og ut grunnskule. Det er kompetanseheving knytt til rekning og matematikk og språk og lesing. Vi samarbeider med Dysleksi Norge og USN. Samarbeidet vil halde fram i 2025 og 2026.

Barnehage og skule har behov for særleg kartleggingskompetanse på nokre område slik at vi raskare kan setje inn rette tiltak for barn. Vi vil derfor satse på å få kartleggingskompetanse på; Dysmate, Logos, Alle med og språk6/16 ila 2025.

Rettleiing vil vere ein viktig kompetanse framover. Vi må i støre grad ta ansvar for gode støttesystem for tilsette og rettleiing vil vere ein viktig måte å støtte på. Vi vil sende nokre på vidareutdanning med rettleiing haust 2025 og vi har som mål å søke prosjektmiddel slik at vi kan ha ein resurs ute i skulen/barnehagen som kan støtte tilsette.

Innanfor helse har vi fleire kompetanseutviklingstiltak som omfattar både legar, helsesekretærar, fysioterapeut, sjukepleiarar med spesialkompetanse. Vi har legar i spesialiserings-løp både i allmenn-medisin og samfunns-medisin.

Oppfølging av diabetespasientar er eit fokusområde. Det same er kreftpasientar. Kommunen har ein eigen kreftkoordinator.

I omsorgssektoren har vi satsa enda meir på kompetanse for å gjere oss betre i stand til å ta i bruk digitale verktøy, både for å sikre gode pasientforløp og for å betre kommunikasjonen mellom tenestene og pasient/pårørande. Kommunen har vore med i læringsnettverk for Gode pasientforløp. Nettverket er vidareført i 2024/ 2025, og Hjartdal er med. Dette er eit samarbeid mellom kommunar, helseforetaket, KS og FHI for å utvikle gode og heilskaplege pasientforløp med fokus på «kva er viktig for deg» i staden for «kva feilar det deg». Vi ønskjer og å styrke den personsentrera omsorga, ved å ta i bruk visuelle verktøy, som kan bidra til auka livskvalitet for pasientane. Auka kunnskap om demens er også eit satsingsområde.

Vi har fokus på deltaking i fagnettverka i Kongsbergregionen.

Gevinstrealisering er viktig for effektiv ressursutnytting. Den teknologiske utviklinga er rask og alle medarbeidarar har behov for å vidareutvikle sin kompetanse innan dette feltet slik at kommunen skal kunne ta ut dei nødvendige gevinstane ved innføring av nye verktøy. Dette er det satt av nokre ressursar til, men vi ser at dette er ei viktig og koordinerande rolle i heile organisasjonen om vi skal kunne nytte gevinstane dette gjev. -

Gjennom det nasjonale tiltaket **KS Læring** har dei tilsette lett tilgang til e-læringsopplegg. Løysinga gir ein langt meir effektiv måte å drive opplæring på, men det krev framleis sjølvjustis og tid frå den tilsette.

Dei kommunale ressursane er knappe, og kjem truleg til å bli enda knappare i tida framover. Ein effektiv ressursutnytting er derfor viktig. Korleis vi kan **forenkle og effektivisere** ulike arbeidsprosessar er eit område kommunedirektøren har stort fokus på. Like rutinar og retningsliner i regionen er eit prioritert tiltak.

Interkommunalt samarbeid er viktig for at ein liten kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tanke på deling og styrking av kompetanse. Kommunane har etablert eit godt samarbeid i regionen innafor tenesteutvikling og IKT. Gjennom Kongsbergregionen er Hjartdal kommune med på anskaffing av elektroniske verktøy i til bruk i sakshandsaming og tenesteyting.

Kommunedirektørane i Kongsberg-regionen er generelt svært positive til formelt og uformelt samarbeid. Press på lønningar og mangel på fagkompetanse er allereie byrja, og det er spesielt krevjande innafor helse og omsorg, som ein ser utviklar seg i ein retning som ikkje er berekraftig.

Kommuneleiinga er fult besatt, og nytilsatt kommunalsjef samfunnsutvikling startar 1/1-2024. Det er viktig med stabilitet og kontinuitet i leiinga for å gjennomføre og ha framdrift på spesielt omstilling og endringsprosessar samt utviklingsarbeid. Hjartdal-organisasjonen er fleksibel og endringsvillig.

Sjukefråværet 2023 var på 8,1 %, og har i 2024 visa ei auking, og ligg ved 2. kvartal 2024 på 12,8,%. Nasjonalt er trenden den same. Nokre av einingane både i oppvekst og helse har høgt fråvær. Dette skapar stort press på tenestene og tilsette, i kombinasjon med låg tilgang på vikarer. Det jobbast aktivt med oppfølging av fråvær og ein satte i gang eit arbeid med dette våren 2025.

Prioriterte tiltak i 2025 for å vere ein attraktiv arbeidsplass:

- Alle einingar bruker KS Læring i kompetanseheving av sine tilsette
- Fokus på kompetansesamansetnad og god ressursutnytting ved rekruttering og endringar i organisasjonen
- Fokus på gevinstrealisering og nytte tida riktig
- Auka bruk av prosjekttankegang i organisasjonen - mål, tiltak, gjennomføring
- Fokus på deling av gode rutinar og malar som kan lette arbeidskvardagen
- Fokus på rette og gode tiltak i fråværssaker
- Fokus på interkommunalt samarbeid av formell og uformell karakter
- Fokus på arbeidsmiljø og endringsarbeid

2.2. Det grøne alternativet

Satsingsområdet inneber ei styrking av miljø- og klimafokuset i kommunen. Utbygging av både hyttefelt og bustader skal skje på ein miljøvenlege måte. Dette inneber til dømes fortetting i sentrumsområda og tilrettelegging for kollektivtrafikk.

Kommunen som organisasjon må òg bli meir miljøvenleg, og både små og store tiltak skal bidra til det. Miljøvenlege løysingar må bli valt sjølv om det kan bety ein høgare kostnad på sjølve investeringa. Ved kjøp av varer skal det leggjast avgjerande vekt på klima og miljø. Det må òg jobbast for å redusere utslepp frå transport, både med redusert transport og auka bruk av digitale løysingar.

2.2.1. I Hjartdal har alle eit stimulerande nærmiljø med mogelegheit for eit aktivt liv i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har vidareutvikla uteareala ved barnehagar og skular med fokus på aktivitet og trivsel.
- Vi har jobba for trafikksikre løysingar for syklande og gåande.
- Vi har i større grad tatt i bruk nærmiljø og natur i kommunal tenesteproduksjon.
- Vi har jobba for at det skal vere lett å komme seg ut på tur, både i lokalmiljøet og i utmark heile året.
- Vi har lagt rette for busetting i kulturlandskapet

Status/kommentar

Hjartdal kommune har fokus på folkehelse. Kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på fokehelseperspektivet, der eit stimulerande nærmiljø er eit viktig tiltak.

Omsorgssenteret har open kafe som eit lågterskel tilbod primært for kommunens innbyggarar. Kafeen er open ein dag i veka, og vert nå driven i samarbeid med frivillige. Det er ei målsetting å ha ope fleire dagar i veka.

I strategisk handlingsplan for eldreomsorga (Leve Hele Livet) ligg det inne eit tiltak i høve til turveg i nærleiken av omsorgssenteret og elva. Det er ei målsetting å få til ein turveg som er universelt utforma. Dette er eit kostnadskrevjande tiltak, og arbeidet med søknad om tippemidlar til prosjektet er i gang.
Verdensdagen for psykisk helse er eit årleg arrangement med fokus på ulike tema. I 2022 gjekk Verdensdagen for psykisk helse inn i ein ny treårig strategiperiode der det blei invitert til felles innsats mot **einsemd** og **utanforskap**, som er sentrale utfordringar for den psykiske folkehelsa. Det er difor stort fokus på einsemd og møteplassar.
Eit anna lågterskeltilbod er "trimmen". Den er open på måndagar på klubbhuset, og målgruppa er alle innbyggarar.

Uteareal i skule og barnehage skal inspirere til leik, samvær og fysisk aktivitet. I utgangspunktet er barn/unge og skular/barnehagar i Hjartdal privilegerte, som har tilgang til fine naturområde. Det er likevel viktig at sjølve leikeplassen og skulegarden òg er attraktiv. Det er der barn og elever er i friminutta og store delar av utetida.

Det er viktig at leikeplassutstyr er i forsvarleg stand. Det er etablert gode rutinar for kontroll av dette. Når ustyr blir utslitt eller øydelagt etter at garantien går ut er det ingen som er villige til å reparere. Dette inneber at det er nødvendig å skifte ut utstyr som er eldre enn 10 år gamalt. Det må utarbeidast ein systematisk plan for å halde uteleikeplassane våre i forsvarleg stand. Det vil bli prioritert i 2025.

"Liv og røre prosjekt" i barnehage og skule skal bidra til auka fysisk aktivitet kvar dag. Målet er minimum 60 minutt fysisk aktivitet gjennom dagen. Dette er vi på god veg til å få på plass.

Hjartdal kommune har inngått partnarskapa med både Frivilligheita og Notodden og Hjartdal turlag. Eit av måla med samarbeidet er å styrke arbeid knytt til fysisk og psykisk helse. Hjartdal Historielag og Notodden Turlag merker og skiltar turstigar. Løypelag og idrettslag prepararer skiløyper. Barnas Turlag arrangerer fellesturar med stor deltaking. Kommunen kan vere sparringspartnar og bidra med finansiering av dette viktige arbeidet. God tilrettelegging er viktig ut frå eit folkehelseperspektiv, og det er positivt for busetting og destinasjonsutvikling.

I 2025 er målet at Hjartdal kommune er Friluftslivkommune med mange inspirerande arrangement i heile kommunen. Det vil vere i samarbeid med det frivillige Hjartdal. Vi skal ha en heidundrande "kick-off" 18. januar med "Hele Norge båler" i heile kommunen vår.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om eit stimulerande nærmiljø

- Utarbeide ny kommunedelplan for kultur, idrett og fysisk aktivitet med mål om oppstart i 2025
- Tett samarbeid med lag og organisasjonar, barnerepresentant, ungdomsråd og rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne med fleire, med auka fokus på folkehelse.
- Fokus på god kvalitet på nærmiljø i plansaker.
- Fokus på aktivt bruk av uteområde og nærmiljø i skule og barnehage.
- Hjartdal kommune – Friluftslivets år 2025 med mål om mange gode lokale tiltak gjennom heile året.

- Ha fokus på dei fire innsatsområda i Bu trygt heime-reforma
  1. Levande lokalsamfunn, 2. Bustadtilpasning og planlegging, 3. Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar, 4. Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande.
- Samle ressursar til forebyggande arbeid, som gjer kapasitet og kompetanse til å søke eksterne midlar

2.2.2. Potensialet som ligg i primærnæringane er betre utnytta i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har stimulert til samarbeid mellom landbruk og reiseliv.
- Vi har jobba for ei utvikling av landbruket som støttar opp om eit ope kulturlandskap med auka dyretal og auka matproduksjon.
- Vi har ivaretatt bonden sitt næringsareal – den dyrka marka og produktive skogen, og så langt som teneleg skjerma den for utbygging og driftsulemper.
- Vi har nytta lokale ressursar som grunnlag for verdiskaping.
- Vi har stimulert til innovasjon og nyskaping for å behalde og skape nye arbeidsplassar.

Landbruket er ei viktig næring og Hjartdal er den kommunen i fylket med størst del arbeidsplassar innan jordbruk, skogbruk og fiske. Nær halvparten av innbyggarane i Hjartdal bur på gard (47,5 % i 2021). Viktig at kommunen og næringa i fellesskap nyttar potensialet som ligg her til det beste for innbyggjarane, næringsdrivande og i reiselivssamanheng, og då med særskilt fokus på å utvikle tilbod som kan gjere kommunen til ein hyggeleg besøksstad for turistar og hyttefolk.

Det er potensial til å utvikle landbruksnæringa ved å leggje til rette for **reiselivsbasert næringsutvikling** på gardane. Kommunen kan kople andre næringar sterkare til hyttenæringa og Hjartdal som reiselivsdestinasjon, for betre å kunne utnytte verdiane som ligg i jakt, fiske og friluftsliv. Dette arbeidet er ein del av prosessen med berekraftig reiseliv.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet:

- Oppretthalde tiltak som reduserer klimaskader på landbruksvegar og dyrka mark
- Oppretthalde at nivået på hogsten i Hjartdal ligg 30 – 35 000 m3 årleg
- Oppretthalde at avstandsreguleringa innan skogbruket blir auka til 300 daa årleg
- Auke bruken av midlar til drenering, og hydrotekniske tiltak i SMIL-ordninga
- Kople reiselivstrategi og landbruk, utvikle konkrete tilbod for turistar og hyttefolk.
- Stimulere til at tre blir bruka som byggjemateriale i kommunale bygg, næringsbygg og driftsbygningar

2.2.3. Natur- og kulturarv blir utnytta i den lokale verdiskapinga

Slik gjorde vi det:

- Vi har synleggjort kulturlandskap og viktige kulturminne som attraksjonar.
- Vi har søkt regionalt samarbeid med kulturformidlingsinstitusjonar.
- Vi har ivaretatt viktige naturområde og samtidig nytta status som *Utvalte kulturlandskap i jordbruket* som ein positiv ressurs i næringsutviklinga i kommunen.
- Vi har bidrege til at barn og unge utviklar ansvar og respekt for miljø og nærmiljø.
- Vi har vært positive til ein berekraftig utbygging av grøne energikjelder.

Hjartdal har flott natur og ein interessant kultur. I ein stadig meir global og urbanisert tid er det viktig å ta vare på og formidle denne arven. Hjartdal kommune kan syne til eit landskap og ein kultur som står i kontrast til den industrielle utviklinga som visast fram gjennom verdsarva i nabokommunane, alt som til saman gjer vår region så spanande, vakker og kontrastfylt!

Avtala mellomTuddal museumslag, Hjartdal kommune og NiA avsluttast i 2024 om ikkje det ikkje prioriterast vidare. Hjartdal kommune har fått evalueringsrapport frå NIA, som vart framlagt i kommunestyret juni 2024. Kommunestyret må vurdere om dei skal inngå ei ny avtale.

Utvalde kulturlandskap (UKL) er eit nasjonalt satsingsområde for å ta vare på heilskapleg kulturlandskap med særlege biologiske og kulturhistoriske verdiar. Ordninga er avhengig av aktiv jordbruksdrift innan dei utvalde områda. Nordbygda i Hjartdal og Svartdal i Seljord er utpeika som utvalt kulturlandskap. Statusen gir moglegheiter for å gjere tiltak, fremme aktivitet og næringsutvikling innanfor dei utpeika områda som allereie er rike på spennande kulturlandskapskvalitetar. Det blir tilført ei årleg tilskotsramme frå staten øyremerkt til tiltak i dei utvalde kulturlandskapa. Styret utarbeider kvart år retningsliner og prioriteringar for denne ramma. Det er kommunane sjølve som har forvaltningsansvaret for dei utvalde kulturlandskapsområda i Hjartdal og Seljord.
UKL disponerer ei eiga slåmaskin med sjåfør til bruk i bratt areal. Det er ei målsetning å halde ein støre del av desse verdifulle slåtteengane i drift, og vil for 2025 bli eit prioritera tiltak.

Utarbeiding av kulturmiljøplan
Kulturmiljøplan (tidlegare kalla kulturminneplan) er ein del av planstrategien for 2021-2023 som blei vedteke i kommunestyret i desember 2020. Planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø blei vedteke i kommunestyret 05.05.2021. Samfunnsutviklingsavdelinga er sekretariat for planarbeidet og kulturlandskapssenteret hjelper i arbeidet for å ferdigstille planen. Det er eit mål å få planforslaget fram for politisk 1.gongshandsaming i november/desember 2024, med høyring og endeleg vedtak over nyttår 2025.

Hjartdal kulturskule har som mål å drive tilpassa opplæring for alle elevar, alt frå det enkle til talentutvikling. Kulturskulen kan m.a. tilby meir undervisning til dei elevar som måtte ønske det. Kulturskulen skal være ein god start på vegen for dei unge som ønskjer å gjere musikk eller kunst til leveveg i ein eller anna form. Kulturskulen er, som tidlegare nemnd, eit flott omdømebyggjar for

kommunen, med god oppslutning og som scorar høgt på ekstra undervisningstid ein til ein. Kulturskulen får høg score på Kulturindeksen

Hjartdal kommune har forhandla fram retten til deleigarskap i eit eventuelt framtidig **Sauland kraftverk**. Utbyggingsplanane blei lagt på is på grunn av dei låge kraftprisane. Auke i kraftprisane aktualiserer ei utbygging, i og med at Sauland kraftverk har fått forlenga konsesjonen med 5 år. Kommunestyret behandla saka i 15. mars 2023.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om at natur- og kulturarv blir utnytta i den lokale verdiskapinga:

- Saman med Seljord kommune gjennomføre sin satsing på bygningsvern, både gjennom direkte tilskot, formidling og hjelp til søknadsskriving til eksterne som kulturminnefondet, UNI-stiftinga m.fl.
- Styrke samhandlinga mellom UKL inn i «Sogevegen» slik at den infrastrukturen som etablerast i prosjektet blir nytta til å formidle landskapsverdiane og kunnskapen kring desse
- Ferdigstille plan for natumangfald
- Ferdigstille kulturmiljøplanen
- Ferdigstille bygningsrapport for Hjartdal i UKL område

2.2.4. Den kommunale organisasjonen er miljøvenleg

Slik gjorde vi det:

- Vi har redusert strømforbruket i kommunale bygg.
- Vi har redusert bilbruken i kommunal teneste.
- Vi har auka bruken av fjernmøte.
- Vi har eit vass- og avlaupsnett tilpassa eit endra klima og bruksmønster.
- Vi har prioritert bruk av tre i kommunale byggjeprosjekt.
- Vi har auke omfanget av avfallssortering.
- Vi har tatt i bruk digitale løysingar som reduserer forbruk av råvarer.

Status/kommentar

Klimaendringar har stort fokus både internasjonalt og nasjonalt. For Hjartdal sin del vil dette typisk vise seg i arbeidet med arealplanar og ein må ta høgde for situasjonar som tek innover seg klimaendringar til dømes flaumfare, skredfare eller følger av sterk vind. Dette er sentrale problemstillingar i arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

For å redusere straumutgifter bør det vurderast å investere i «smart teknologi» i styringssystem som brukar straumen når den er billig, og reduserer straumbruken i periodar med høg pris.

Ein overordna VA-plan vil også ha som mål å finne kordan vass- og avløpsnettet kan tilpassast endra klima og bruksmønster.

Refusjonssaka krev fortsatt store ressurser i Hjartdal kommune, og prosessen er nå i ein ny fase ved at tiltakshaver Russmarken VA AS utarbeider nytt forslag til berekningar som igjen legges til grunn for kommunens saksbehandling etter pbl § 18-8.

For kommunedelplan naturmangfald fastsette kommunestyret planprogrammet i desember 2022. Arbeidet med kommunedelplan har stått stille i 2024 på grunn av manglande kapasitet. Det er eit mål å starte opp att arbeidet vinter 2024/2025.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er særdeles viktig. Oppstart av planarbeidet var vinter/vår 2024. Kommunestyret fastsette planprogrammet juni 2024 etter ein høyringsperiode. Etter varsel om oppstart av planarbeidet har det kome over 50 innspel. Grovsiling av innspela kjem til politisk handsaming oktober 2024, og deretter held arbeidet med å lage planforslag. Etter planen kjem planforslaget til 1.gongshandsaming vinter/vår 2025.

Kommunen sin bilpark og bruk av bil i kommunal teneste er ein vesentleg utgiftspost, grunna store avstandar i kommunen. Endringar i marknaden og gode erfaringar frå andre kommunar gjer at ein i noko grad vil lease tenestebilar.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om at organisasjonen er miljøvenleg:

- Fjernmøte skal nyttast der det er formålstenleg og effektivt
- Alle kommunale byggeprosjekt skal nytte tre eller heiltre som byggemateriale
- Dei kommunale verksemdene skal sortere avfall og kjeldesortere på lik line med separat innsamling

2.3. Det nye blikket

Det nye blikket **handlar om å sjå korleis Hjartdal sin identitet og stadlege kvalitetar kan nyttast til å møte endringar på ein god måte. Der bondevett, lokalkunnskap og nærleiken i samfunnet vårt vert kopla til moderne teknologi og nye normer og verdiar. Der vi møter utfordringane i samtida på ein måte som er representativ for Hjartdal, både no og i framtida.**

2.3.1. Hjartdal kommune skal ha brukarvenlege og framtidsretta tenester i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har i samarbeid med Kongsbergregionen vore offensive i utviklinga av digitale løysingar for tenesteproduksjon.
- Vi har god tilvisingskompetanse slik at den totale rådgivingstenesta i regionen blir nytta fullt ut.

Status/kommentar

Samfunnet er i utvikling. Omstilling og endring er ein del av kvardagen. Kommunal sektor må både vere med på denne utviklinga, og sette seg i førarsetet.

Kommunane i Kongsbergregionen etablerte i 2015 ein felles strategi for sitt **tenesteutvikling.**. Målsetting og visjon er:

«*Kongsbergregionen skal tilby gode digitale løysingar for regionens innbyggerar og virksomheter»*

Dei viktigaste prinsippa til grunn for satsinga er:

- Enkel sjølvbetjening og samhandling
- Proaktive tenester som treffer innbyggeren der han/hun er
- Auka fokus på forenkling og forebygging
    - Tilrettelegging for samskaping og involvering av brukerar
    - Effektivisere dagens tenesteproduksjon og automatisere der det er hensiktsmessig
    - Økt fokus på gevinstrealisering, personvern og informasjonssikkerhet
    - Økt samarbeid mellom tenesteområder og på tvers av kommunegrensene i og utanfor regionen.
- Kongsberg-region har nå meir fokus tenestutvikling og innovasjon framfor digitalisering. Dette arbeidet skjer i leiarnettverka i regionen.

Eit område der vi koplar saman fleire av satsingsområda er innan velferdsteknologi, der satsinga på Responssenteret har vore sentral mtp. framtida.

Kommunal sektor blir oppmoda om å ta i bruk **innovative anskaffingar**. Dette går ut på at kommunen beskriv eit behov framfor ei løysing når den skal skaffe nye løysingar. Det er utfordrande for ein liten kommune å gjennomføre slike anbodsprosessar. Gjennom Kongsbergregionen har vi likevel tilgang til spisskompetanse innan båe data og innkjøp, og fleire av dei regionale anbodsprosessane synleggjer nå kommunane sine behov.

Det har liten hensikt å ta i bruk ny teknologi dersom kommunen ikkje klarer å ta ut ein **gevinst** av investeringa. Det er i hovudsak tre type gevinstar:

- Direkte økonomiske gevinstar (reduserte kostnadar)
- Indirekte økonomiske gevinstar (spart tid)
- Kvalitative gevinstar

Gevinstrealisering kan vere utfordrande. Det er viktig å legge godt til rette for gevinstrealisering. Det handlar om å yte hjelp/rettleiing og å etterspørje resultat på området.

Ungdomsrådet er ein verdifull ressurs for samfunnet vårt, og å samarbeide effektivt med dei er avgjerande for å inkludere ungdomsperspektiv og prioriteringar i avgjerslepåverknadsprosessar. Vi skal særleg leggje fokus på aktiv lytting og open dialog, god opplæring av Ungdomsrådet, vi skal særleg følgje opp initiativ frå Ungdomsrådet, vi skal arbeide for at Ungdomsrådet blir synleg både i det politiske liv og i media. For at Ungdomsrådet skal bli interessant og motiverande skal det gjennomførast jamlege evalueringar og innspel på saker.

I 2025 har vi sett ned ei arbeidsgruppe med ungdommar som skal arbeide med analyse og tiltak etter Ung data kartlegginga, samt elevundersøkinga.

Tradisjonelt sett har ein opp igjennom nytta folkemøte når ein skal engasjere i ei spesiell sak, td. destinasjonsutvikling i Tuddal. Også på dette området har dei digitale framskritta opna for nye moglegheiter for medverknad, noko som kan syne til å vere ein form der fleire tør delta i debatten. Aktuelle former for medverknad kan vere:

- Dialogkafé
- Aktiv bruk av sosiale media
- Brukarråd
- Brukarundersøkingar

Mange av desse formene blir bruka i destinasjonsutviklinga i Tuddal, og vil vera relevante ved rullering av kommunens arealplan.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om brukarvenlege og framtidsretta tenester:

- Gjennomføre handlingsdelen av tenesteutvikling, kvalitet i tenesteleveransen, kompetanseutvikling og innovasjon/ digitalisering
- Fokus på gevinstrealisering ved bruk av nye elektroniske verktøy gjennom å evaluere måloppnåing og fullføre prosjekta
- Utforske nye formar for brukarmedverknad der det er formålstenleg
- Leiarfokus på nytenking, innovasjon og endringsvilje
  - Ta i bruk innovasjonsverktøy
  - Ta i bruk fleire nye former for velferdsteknologi
  - Tørre å utforske nye og meir effektive måtar å løyse arbeid på
  - Prioritere ressursar til heimeside, informasjon og kommunikasjon

2.3.2. Hjartdal kommune har eit framtidsretta næringsliv i 2027

Slik gjorde vi det:

- Vi har bidratt til utviklingsprosessar som fremjar nytenking og innovasjon i næringslivet.
- Vi har stimulert til ein meir variert og robust næringsstruktur.
- Vi har jobba for auke i kompetansearbeidsplassar i kommunen.
- Vi har jobba for ei styrking av nettverka i næringslivet, både lokalt og regionalt.
- Vi ført folk og miljø saman.
- Vi har gitt prioritet til eksisterande verksemder som ønskjer eller har lukkast med vekst.
- Vi har lært barn og unge i barnehage og skule om lokal kultur, tradisjon og næringsliv, slik at dei blir gode talspersonar i omverda for kommunen og ser sjølv moglegheiter for å nytte lokale ressursar til innovasjon og næringsutvikling.

Status/kommentar

Næringslivet i Hjartdal kommune er relativt robust. Vi ser at dei offentlege midlane blir stadig meir innretta mot omstilling og kompetanseutvikling. Det betyr at det kanskje ikkje råker våre verksemder like godt.

Den lokale arbeidsmarknaden sysselset om lag to tredelar av arbeidsstokken. Privat sektor står for knappe to tredelar igjen av desse arbeidsplassane. Dette er lågare enn landsgjennomsnittet, men høgare enn snittet for Telemark og Vestfold.

Ei stor styrke for sysselsettinga er ein **god arbeidsmarknadsintegrasjon**, målt i mengda som pendlar inn og ut av kommunen. Hjartdal er her blant dei betre kommunane i landet, noko som gjev seg utslag i svært låg arbeidsløyse. Men slike faktorar minskar òg behovet for å skape sin eigen arbeidsplass, noko som leiar til relativt lite nyetableringar.

Det er eit potensiale for å styrke eksisterande bedrifter, samt å etablere nye bedrifter basert på lokale ressursar. Ein viktig faktor i dette arbeidet, er å jobbe for at den yngre generasjonen ser potensialet som ligg i Hjartdal, og føler tilknyting til heimstaden. Dette kan starte allereie i barnehage og skule, ved at dei unge får kunnskap om lokale ressursar og ser at det er gode moglegheiter for å starte eigen bedrift eller få seg arbeid i regionen. Elevbedrifter og entreprenørskap i skulen er viktige verkemiddel.

Hjartdal kommune har færre med høg utdanning enn lands- og fylkesgjennomsnittet. Det heng saman med næringsstruktur og som motstykke har ein langt fleire fagarbeidarar, som òg er viktige **kompetansearbeidsplassar**. Totalt sett er kompetansenivået bra, og moglegheitene for innovasjon og nytenking gode.

Ein viktig føresetnad for å løfte dei lokale bedriftene er eit godt **samarbeid** på tvers av både bedrifter og næringar. Landbruket har tradisjonelt gode system for dette. Aktuelle område er hytteutvikling-/reiseliv, samt bygg- og anleggsbransjen. Slikt samarbeid kan føre til betre marginar og moglegheit for å gå inn i større kontraktar som sikrar og styrkar lokale arbeidsplassar.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om eit framtidsretta næringsliv i 2027:

- Jobbe aktivt mot dei viktige næringene lokale og næringsforumet i regionen
- Jobbe med tilrettelegging for sal av opplevingar og utvikling av produkt basera på stadeigne kvalitetar – reiselivsprosessen og berekraftig reiseliv
- Jobbe for eit godt samarbeid med og mellom aktørar i næringslivet, spesielt utviklinga av kommunen som destinasjon
- Jobbe for å gje kommunen eit positivt omdøme i det lokale næringslivet gjennom å gje råd og rettleiing til eksisterande og nye bedrifter
- Utgreie utvikling Ørvella

- Utgreie næringshage/ fjernarbeidsplassar på kommunehuset i NAV-delen
- Betre informasjon og kommunikasjon frå kommunen
- Berekraftig reiseliv – inkluderast i Tuddal som reiselivsdestinasjon – sertifisering av heile kommunen som berekraftig reisemål

2.3.3. Hjartdal kommune nyttar frivillige som ein ressurs

Slik gjorde vi det:

- Vi har utvikla ein kultur for å nytte resursane til "unge eldre" i omsorga, og som brubyggjarar mellom generasjonar.
- Vi har skapt sosiale møteplassar mellom eldre og frivillige for å førebyggje einsemd og isolasjon.
- Vi har stimulert til eldre bruk av moderne teknologi som gjer at du kan klare deg sjølv lenger eller får ein enklare kvardag.
- Vi har lagt til rette for barn og unges medverknad i utviklinga av lokalsamfunnet.
- Vi har sloppe dei unge til i lag og organisasjonar for å gje dei ansvar og organisasjonserfaring.
- Vi har i større grad samordna ressursane i lag og organisasjonar slik at det kjem alle i kommunen til gode.
- Vi har styrka banda mellom ulike kulturar.

Status/kommentar

Einsemd og isolasjon kan kome til å bli ein av dei største **folkehelseutfordringane** i åra som kjem. Utan eit aktivt og sosialt liv aukar faren for psykiske lidingar og demens. Det er viktig at kommunen, som eit førebyggjande tiltak, er med på å stimulere til sosiale møteplassar, på tvers av generasjonar og kulturar. Kommunen kan ikkje ta eit ansvar for å drifte alle slike møteplassar. Både frivillige organisasjonar og private aktørar spelar ei viktig rolle i dette arbeidet. Alle må bidra til å inkludere sine sambygdingar. Dette arbeidet blir knytt til kvalitetsreforma for eldre – «Leve hele livet».

Kommunestyret har vedteke ein plan for korleis reformas løysningar skal tilpassast lokale forhold og innførast i samarbeid med andre tenesteområde, frivillig sektor og andre aktørar i lokalsamfunnet.

Hjartdal kulturskule har tatt ei aktiv rolle både som pådrivar innafor **kulturlivet** og for å samordne aktivitet i frivillige song- og musikkorganisasjonar. Den erfaringa som er gjort frå dette arbeidet dei siste åra er det ønskjeleg å vidareføre til andre område innafor kultursektoren. Det er ønskjeleg å få på plass organisatoriske løysingar som gjer at det er mogeleg å sjå det kommunale og det frivillige kulturlivet i større samanheng og få til positive synergieffektar. Kommunen vil aktivt ta initiativ til arbeidet i 2025 med mål om å utvikle ein plan for friluftsliv, idrett og kultur i samarbeid med det frivillige i Hjartdal.

Frivilligsentralen har òg ei viktig rolle i dette arbeidet. Den primære oppgåva til Frivilligsentralen er å kople saman dei som ønskjer å yte ein frivillig innsats, med dei som har behov for hjelp som det ikkje er nødvendig at blir utført av fagfolk. Ei viktig utfordring for Frivilligsentralen er å engasjere den veksande gruppa av spreke pensjonistar.

Hjartdal kommune har busett og **integrert flyktningar** i lokalmiljøet sidan 2013. Fleire av flyktningane er nå viktige ressurspersonar i lokalmiljøet. Det er ei stor og viktig oppgåve for kommunen og det krev at både kommune og samfunnet er positive til å bidra med inkludering både i det frivillige og med språkpraksisplassar.

Prioriterte tiltak 2025 for å nå målet om å nytte frivillige som ein ressurs:

- Sjå på organisatoriske løysingar som gjer at det er mogeleg å sjå det kommunale og det frivillige kulturlivet i større samanheng

2.4. Resultatmål

Resultatmål - samfunn:

Måla for samfunnsutviklinga er viktige for ei berekraftig utvikling av lokalmiljøet. Det er mange forhold som verker inn på måloppnåinga, og det er ikkje berre kommunen sjølv som avgjer om måla blir nådd. Dette er mål som både kommune, næringsliv, organisasjonsliv og innbyggjarar må bidra til å oppnå.

Dimensjon/indikator	Status	Mål 2025	Akseptabelt	For svakt	Mål 2026
Innbyggjarar Pr. 1/7-2024	**1 655**	**>1560**	**1550-1559**	**<1550**	**>1570**
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	**39,8**				
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	**36,5**				
Andel innbyggere over 80 år som er beboere på sykehjem(%)	**12,2**	**<15,0**	**15.1-15.9**	**>16**	**>12,0**
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	**37,7**	**<37**	**36-38**	**>40**	**<35**
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	**8,4**	**<8**	**6,5-8,5**	**>9**	**<6**
Beredskap (nivå på skala A-F der A er best) NB!! A/B annahvertår – A oddetalsår, når beredskapsrådmøter avholdes)	**A/B**	**A**	**B**	**C-F**	**A**
Antall lågstandardhytter endret til høgstandard (frivillig tilkobling til VA-nett)	**5**	**>40**	**36-39**	**<35**	**50**
Omdisponert jordbruksareal (% per 1000 dekar)	**0,0**	**<0,2**	**0,2-0,5**	**>0,5**	**<0,2**
Nye hytter i Kovstulheia-Russmarken (søknad om byggetillatelese)	**4**	**>13**	10-12	<10	>18

Leke- og oppholdsareal pr. barn i barnehage Kilde Udir	**7,9**	**6,1**	**5,8 – 6**	**<5,8**	**6,1**
Stønadslengde sosialhjelp 18-24 år (månadar)	**1,8**	**<4**	**4,1-6,5**	**>6,5**	**<3,5**
Andel som går over 6 mnd på stønad (økning frå 23%)	**45% (25 av 56)**	**30**	**30,1 - 35**	**>35**	**25**

Kommentar til måla:

Status er henta frå KOSTRA dersom anna ikkje er nemnt.

Innbyggjarar

SSB har i nye framskrivingar eit vesentleg lågare innbyggjartal for Hjartdal. Målet på 1600 er nådd 1/7-2023. Videre arbeid er viktig for å oppretthalde dette nivået.

Folkehelse

Eit aktuelt mål er knytt til å auke andel innbyggarar over 80 år som bur heime eller i omsorgsbustad. Dette er i tråd med eit av hovudområda i kvalitetsreforma «Leve hele livet» og "bu trygt heime".

Kostratala viser at andel yngre brukarar av heimetenester (0-66 år) aukar, noko ein ser på landsbasis også. Dette til tross for at Hjartdal har ein eldre befolkning enn landet. For Hjartdal sin del er auken frå 36,5% i 2022 til 39,8% i 2023. Andel eldre som brukar heimetenester har gått noko ned i same periode.
Det har vore ei målsetting å redusere andel innbyggjarar over 80 som bur i institusjon. Dette har kommunen lykkast med. I 2020 var andelen 18%, medan i 2023 var talet 12,2%.
Hjartdal har ein reduksjon i totalandelen av budsjettet til omsorgstenester og kommunehelsetenester frå 2022 til 2023, der ei samanlikning med andre kommunar i Telemark viser at alle har ein auke.
Netto driftsutgifter til omsorgstenester har ein reduksjon frå 40,1% i 2022 til 37,7% i 2023.
Netto driftsutgifter til kommunehelseteneste har ein reduksjon frå 9,8% i 2022 til 8,4% i 2023

Beredskap

Det er Fylkesmannen i Vestfold og Telemark si sjølvmelding for det kommunale beredskapsarbeidet som ligg til grunn for målet. Nivå A inneber 15 av 15 oppnåelege poeng. Hjartdal kommune jobbar aktivt for å få ein betre skår på denne «stigen».

Andel lågstandardhytter som koblar seg til VA-nettet.

Innanfor reinsedistriktet hittil i år er det 5 hytter som har kopla seg til VA-anlegget og fekk endra status frå lågstandard til høgstandard. Slike tilkoplingar er viktig for å skape ein meir berekraftig VA-økonomi i fjellet, men talet er prega av roleg hyttemarknad.

Omdisponering av landbruksareal

Det er eit nasjonalt mål at produktiv landbruksjord ikkje blir omdisponert til andre formål. Målet er tilpassa lokale forhold.

Nye hytter i Kovstulheia-Russmarken

Talet og utviklinga på nye hytter er svært viktig for å skape ein berekraftig VA-økonomi/ sjølkost i fjellet. I tidlegare prognoser for utbygginga blei det lagt inn 13 nye hytter per år. Tal er henta frå eigen

statistikk. Hittil i år er det bygd 4 slike nye hytter innanfor reinsedistriktet (tal på byggetillatelsar). Forutsetningane i tidlegare prognoser har endra seg mykji spesielt mtp. auka rente aktivitet i marknaden.

Totalt er det da kobla til 9 nye hittil i 2024. Dette er lågara tal enn tidlegare år.

Sosialhjelp

Kortvarig økonomisk bistand er viktig for å hjelpe personar i ein vanskeleg situasjon, men det er viktig at det blir arbeid med tiltak som gjer at dette ikkje er langvarige løysingar. Det er satt i gang eit arbeid i 2024 gjennom Partnerskapsløftet i Vestfold og Telemark – som har til hensikt å kartlegge moglegheitene for at alle fleire kan bidra i aktivitet/ arbeid, og slik vera ein ressurs og bidra til mangel på personell som mange sektorar opplever.

Resultatmål – brukarar og tenester:

Hjartdal kommune skal levere gode og effektive tenester med riktig kvalitet til brukarar og innbyggjarar. Kommunen arbeider systematisk med å sikre dette gjennom mål- og resultatstyring.

Dimensjon/indikator	Status	Mål 2024	Akseptabelt	For svakt	Mål 2026
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng Udir, statistikkbanken (Landssnitt 42,2 i 2023)	**40,4**	**>41,1**	**38,5-40,9**	**<38,4**	**>42,2**
Trivsel for skuleelevar (7. trinn) (Elevundersøkelsen)	**4,0**	**>4,0**	**4,0-4,2**	**<3,8**	**>4,0**
Opplevd kvalitet heimeteneste (Brukarundersøking)	**5,2**	**>5,2**	**4,9-5,2**	**<4,8**	**>5,2**
Opplevd kvalitet institusjon (Brukarundersøking 2018)	**4,5**	**>5,0**	**4,5-4,9**	**<4,4**	**>5,2**
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesak med 12 vekers frist (dagar)	**26**	**<30**	**30-84**	**>84**	**<20**
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for byggesak med 3 vekers frist (dagar)	**16**	**15**	**15-21**	**21**	**12**
Bibliotek (Besøk per innbyggjar)	**1,2**	**>2,0**	**1,6-1,9**	**<1,5**	**>3**
Utlån (tal på lånte media per innbyggjar) **Utlån skulebibliotek**	**1,5** **10,97**	**>3,5**	**3,0-3,5**	**<3,0**	**>4**
Kulturskulen (% av elevane som går i kulturskule)	**40,7**	**35**	**30-34.9**	**<30**	**35**
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (%) (Henta fra Udir, statistikkbanken)	**48,9**	**<48**	**45-47**	**<40**	**50**

Kommentar til måla:

Status er henta frå KOSTRA dersom anna ikkje er nemnt.

Grunnskulepoeng
Målet gir eit uttrykk for kvalitet på undervisninga i grunnskulen. Hjartdal kommune har over tid ligge under landsgjennomsnittet, og er derfor med oppfølgingsordninga. Resultatet for skuleåret 2023 er 40,4 poeng mot 40,8 i 2022. Målet er alltid på nasjonalverdi, som i 2023 var 42,2 poeng.
Tala er henta frå Utdanningsdirektoratet (www.udir.no).

Trivsel i skulen
På 7. trinn er resultata for trivsel på skulen på 4.0 av totalt 5,0. Det samsvarer med landsgjennomsnittet. Trivselsindikatoren vil være eit prioritert område også i 2025.
Tala er henta frå Utdanningsdirektoratet. (www.udir.no).

Opplevd kvalitet på institusjon og i heimeteneste
Hjartdal kommune gjennomfører jamlege brukarundersøkingar. Målet er å oppnå betre resultat enn gjennomsnittet. Grunna eit omfattande skabbutbrot, arbeid med omstilling og eit svært høgt sjukefråvær i heile 2024, har ein ikkje klart å prioritere gjennomføring av brukarundersøkingar i år, så tala er henta frå 2018. I 2025 er målet å gjennomføre nye brukarundersøkingar.

Sakshandsaming plan og byggesak
Målet er at all sakshandsaming skal skje innan dei lovbestemte tidsfristane. Hjartdal kommune har i dag rask sakshandsaming av slike saker.

Bibliotek
Resultata frå 2022 visar auka besøk på biblioteket, men det same i utlån som 2021, men Hjartdal ligg framleis lågt samanlikna med landsgjennomsnittet og måla. Når ein tar med skulebibliotek ser tala veldig bra ut.

Kulturskule
Målet gir uttrykk for kor mange prosent av elevane som er i kulturskulen. Hjartdal ligg høgt her med 40,7%, godt over målet som er 35%. Snitt i Noreg er på 12,9%.

Resultatmål – organisasjon

Hjartdal kommune er ein kunnskapsbedrift der dei tilsette er den viktigaste ressursen for å levere gode tenester. Ved å sette mål for kommunen sin eigen organisasjon så viser vi retning for å møte framtidas utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft, utvikle dei tilsette sin kompetanse og bygge ein felles organisasjonskultur.

Dimensjon/indikator	Status	Mål 2025	Akseptabelt	For svakt	Mål 2026
Sjukefråvær (prosent) **Kjelde: Visma Enterprise HRM**	**12,8**	**<7,2**	**7,3-8,3**	**>8,4**	**<6,8**
Medarbeidarundersøking **Kjelde: 10-Faktor 2024**	**4,0**	**Skal ikkje gjennomførast**	**4,0-4,3**	**<4,0**	**>4,3**

Bruk av privatbil i kommunal teneste (gj.snittleg kjørelengde totalt siste 4 år) **Kjelde: Visma Enterprise HRM**	**80 000**	**<80 000**	**80 000- 95 000**	**>95 000**	**< 78 000**
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta m/helsefagutdanning (prosent)	**89,3**	**>80**	**75-79**	**<74**	**>80**
Andel tilsette i barnehagane med utdanning som barnehagelærar, barne- og ungdomsarbeidar, anna høgskuleutdanning og anna fagarbeidarutdanning (prosent) Kjelde: Udir	**86,5**	**>78**	**77-74**	**<73**	**>80**

Kommentar til måla:

Status er henta frå KOSTRA dersom anna ikkje er nemnt.

Sjukefråvær

Sjukefråværet for 2023 enda på 8,1 % og for 2024 er målet 7,2 % eller lågare. Ein fastheld det målet òg for 2025. Det er iverksett tiltak for å arbeide med dette gjennom oppfølging ot nye rutiner og målet bør vere realistisk, men samtidig ambisiøst.

Medarbeidarundersøking

I 2024 blei medarbeidarundersøkinga 10-faktor gjennomført. Hjartdal kommune fekk ein skår på 4 og landet ligg på 4 (av 5) . Det var svært høg deltaking på heile 73,8 % i Hjartdal kommune. Det gjennomførast ny medarbeidarundersøking i 2026, og resultata brukast praktisk inn i leiarutvikling og leiaroppfølging og arbeidet med å redusere sjukefråværet.

Bruk av privatbil i kommunal teneste

Av omsyn til kostnadar og miljø er det eit mål å redusere bruk av privatbil i kommunal teneste. Kollektivtilbod bør bli valt der det er hensiktsmessig og nye tekniske løysingar gjer det mogeleg med fjernmøte. Målet for 2025 er justera med bakgrunn i reduksjon frå 2024. Nedgangen skuldast bla. meir digitalisering og utstrakt bruk av digitale møter.

Kompetanse helse og meistring

Kommunen har gjennom samhandlingsreforma fått ansvar for langt meir krevjande behandlingsoppgåver enn tidlegare. Det sett krav til kompetanse, noko tala viser at Hjartdal har tatt på alvor. Heile 89,3% av brukarretta årsverk i omsorgstenesten har helsefagutdanning. Det er svært ønskeleg å få ein AKS (avansert klinisk sjukepleie) sjukepleier på laget. Det vil kunne avlaste legane, bidra til tettare pasientoppfølging med høg kompetanse og bidra til å heve kompetansen hos dei tilsette i sektoren.
Det er krevjande å rekruttere utdanna helsepersonell. Hjartdal har fokus på å rekruttere og behalde. Eitt av tiltaka her er opplæringspakker for nytilsette med eigne dedikerte opplæringsansvarlege. Hjartdal er knytt til Responssenteret der vi kan nytte oss av ulike kompetansepakker, særleg retta mot velferdsteknologi. Dei kjem til Hjartdal og gjennomfører opplæringa. Vi er også invitert til å hospitere på Responssenteret.
Heimetenesta har vore ein del av eit forskningsprosjekt – Practic studie (kriser hos eldre). Tilsette får brei opplæring i TID – modellen som er eit omfattande kartleggingsverktøy.

Hjartdal har samarbeid med Notodden sjukehus om hospitering. Det planleggast for at tilsette frå Hjartdal kan hospitere på sjukehuset, og tilsette ved sjukehuset kan hospitere i kommunen. Målsettinga med hospiteringa er å få innsikt i kvarandres arbeidskvardag, og sikre gode overgangar mellom sjukehus og kommune (les gode pasientforløp).

Kompetanse barnehage
Stortinget har vedteke eit minimumskrav til grunnbemanning (bemanningsnorm) og ein skjerping av pedagognorma. Det er ønskjeleg at Hjartdal får auka sin andel av pedagogar i barnehagane. Sektoren har opna for at tilsette fagarbeidarar går på desentralisert barnehagelærarutdanning. Målet er å auke kompetanse hjå dei tilsette vi allereie har samt at krav om 50% pedagogdekning sansynlegvis vil kome frå statlege hald. Vi vil derfor arbeide for å vere i forkant med å tilsette pedagogar når det opnar seg moglegheiter ved at nokon sluttar.

3. Økonomiplan

3.1. Dei store linene

3.1.1. Norsk økonomi

Etter to år med låg vekst i norsk økonomi er det utsikter til sterkare vekst neste år og til at den registrerte ledigheita framleis held seg låg. Den økonomiske politikken ser så langt ut til å ha lukkas med å legge til rette for at prisveksten kjem ned utan ein stor auke i arbeidsløysa, og Norge har unngått nedgang i økonomien. Kronesvekking og høy lønsvekst bidreg likevel til at det kan ta noko tid før prisveksten er tilbake på inflasjonsmålet. Utsikter til at lønnsveksten vil bli klart høgare enn prisveksten i år fører samtidig til at hushaldinganes kjøpekraft igjen aukar. Det ventast å bidra til at veksten i norsk økonomi tek seg opp neste år. BNP for Fastlands-Norge anslåast å auke med 2,3 pst. i 2025, som er godt over trendveksten i økonomien

Aktivitetsveksten i norsk økonomi, målt ved BNP for Fastlands-Norge, har vært låg dei to siste åra. Det har bidratt til at kapasitetsutnyttinga i økonomien har kome ned til eit meir normalt nivå, etter å ha legge høgt i tida etter pandemien. Delen av bedrifter som melder om kapasitetsproblem og knappheit på arbeidskraft i Norges Banks regionale nettverk falt gjennom fjoråret, men har i år vist teikn til å snu. Andelen ligg nå rundt det historiske gjennomsnittet. Det er store næringsvise forskjellar. Oljeleverandørane melder om høy kapasitetsutnytting og gode vekstutsikter. I bygge- og anleggsnæring er kapasitetsutnyttinga lågare enn normalt, og vekstutsiktene svake.

Det er framleis høg etterspørsel etter arbeidskraft i Norge. Sysselsettinga auka meir enn venta i første kvartal, men sto nærast stille i andre kvartal. Tilgangen på ledige stillinga har så langt i år vært høgare enn i fjor og er betydeleg høgare enn før pandemien. Det tyder på at mange verksemder framleis treng

meir arbeidskraft. Den registrerte ledigheita har auka noko det siste året, men er framleis låg. Sysselsettinga anslås å auke vidare framover, i takt med at veksten i norsk økonomi tek seg opp. Fordrivne frå Ukraina har bidrege til å trekke opp både sysselsettinga og arbeidsløysa det siste året, og denne utviklinga vil truleg fortsette framover.

3.1.2. Kommuneforvaltningas økonomi


Frå 2025 innførast nytt inntektssystem for kommunane, med mål om at kommunane skal kunne tilby gode og likeverdige velferdstenester til sine innbyggjarar. Inntektene blir jamnare fordelt mellom kommunane. Kommunar med låge skatteinntekter vil styrkast. Dette legg til rette for likeverdige tenester for innbyggjarane i heile landet. Av veksten i frie inntekter er om lag 1,7 mrd. kroner grunna med omlegginga av inntektssystemet.

Kommunesektoren har ansvaret for viktige velferdstenester som barnehagar, grunnskule, vidaregåande skule og helse- og omsorgstenester. Sektoren står om lag halvparten av den offentlege tenesteproduksjonen, og ein av fem sysselsette jobbar i kommunesektoren. Ein god og føreseieleg kommuneøkonomi er viktig for at kommunane og fylkeskommunane skal kunne ivareta sine oppgåver over tid.

Kommunesektorens samla inntekter forventast å stige med 6,8 mrd. kroner frå 2024 til 2025. Regjeringas forslag til statsbudsjett for 2025 inneber ein vekst i kommunesektorens frie inntekter på om lag 5,15 mrd. kroner. Veksten i dei frie inntektene er auka samanlikna med det som blei signalisert i Kommuneproposisjonen 2025. Det forventast pris og lønnsvekst (deflator) på 4,1 prosent.

3.2. Situasjonen i Hjartdal


Auken i dei frie inntektene, eksklusiv eigedomsskatt, har for Hjartdal vært vesentleg lågare enn landsgjennomsnittet dei siste åra. Hovudårsaka til den svake veksten i Hjartdal sidan 2020 skuldast trekk i rammetilskot for elevar som går i privatskular.
For 2025 har Hjartdal fått ein vekst i frie inntekter på 6,6 %, medan landsgjennomsnittet er 5,8 %. Den store veksten heng saman med endringar i inntektssystemet som gjeld frå 2025. Det er oppdatert kostnadsnøkkel og ny distriktsindeks som gjer størst utslag i auken
Det har også samanheng med vesentlege endringar i demografiske forhold. Kriteria som ligg til grunn for berekninga av kommunens utgiftsbehov har endra seg frå 2024. Kommunens behovsindeks har endra seg frå 1,253 i 2024 til 1,277 i år. Dette betyr at Hjartdal nå har eit utgiftsbehov pr. innbyggar som er 27,7 % større enn gjennomsnittet i Norge.



Kjelde: Statsbudsjettet

Figuren over syner veksten i frie inntekter i Hjartdal dei fire siste åra samanlikna med snittet i Vestfold-Telemark og snittet i Norge.

3.2.1. Inntekter



Hjartdal kommune sine frie disponible inntekter er forventa å bli på ca. 203,5 millionar kroner i 2025. Figuren over viser korleis inntektene fordeler seg.
Andre generelle driftsinntekter aukar vesentleg samanlikna med budsjett for 2023 grunna tilskot for busetting av flyktningar.

Rammetilskot

Rammetilskottet utgjer for kommunen om lag 42 prosent av samla frie inntekter. Rammetilskotet blir fastsett på bakgrunn av ein fordelingsnøkkel som består av ei lang rekkje element, med ulik vekting.

For statsbudsjettet for 2025 er det gjort nokre endringar i inntektssystemet.
Utgiftsutjamning

- Oppdatert kostnadsnøkkel
- Levekårskriterium auka vekt
- Fullt basistilskot alle kommunar (24,3 mill.)

Skatt og inntektsutjamning

- Skatt på eigarinntekter ut av skattegrunnlaget for kommunane
- Halvering av kommunanes del av formuesskatten (over 2 år)
- Den symmetriske utjamning aukast frå 60 til 64 prosent (over 2 år)

Regionalpolitiske tilskot

- Distriktstilskota og storbytilskot vidareførast
- Regionsentertilskot avviklast, sats for veksttilskot ned med 2/3

Nedanfor er nokre av elementa i fordelingsnøkkelen omtala.

Distriktstilskot Sør-Noreg

Distriktstilskot Sør-Noreg skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Frå 2017 blei småkommunestilskotet vidareført innanfor det nye distriktstilskotet for Sør-Noreg. Tildeling av tilskotet tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distrikts utfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og – utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå. Det nye tilskotet er i enda større grad enn tidlegare målretta mot kommunar med distriktsutfordringar.

Hjartdal har ein distriktsindeks på 42,4 (skal 0-100 der 100=ingen utfordring). I Telemark varierer distriktsindeksen mellom 26,7 (Fyresdal) og 70,3 (Skien).

I 2024 fekk Hjartdal eit distriktstilskot på 3,9 millionar kroner. På grunn av at regjeringa har tatt i bruk ny distriktsindeks for 2025 får Hjartdal maksimalt tilskot som for 2025 er på 6,8 millionar kroner.

Utgiftsutjamning

Det er til dels store kostnadsskilnadar i tenesteytinga mellom kommunar. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadene som dei ikkje kan påverke sjølve. Det gjeld til dømes aldersfordelinga og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vekter. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna. Deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter utgiftsbehovet deira. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut igjen til andre kommunar. Kostnadsnøkkelen for kommunane består av

delkostnadsnøklar for grunnskule, pleie og omsorg, sosialhjelp, barnevern, kommunehelseteneste, barnehage, landbruk, og administrasjon og miljø.

Frå og med 2017 blei det innført ei differensiering av kompensasjonen for smådriftsulemper på kommunenivå i utgiftsutjamninga, gjennom ei gradering av basiskriteriet i kostnadsnøkkelen ved hjelp av strukturkriteriet. Basiskriteriet fangar opp variasjonar i kostnader på kommunenivå, i hovudsak knytt til administrasjon. Det blir framleis gitt full kompensasjon for smådriftsulemper på tenestenivå grunna busetnadsmønsteret i kommunen gjennom busettingskriteria (sone- og nabokriteriet) i kostnadsnøkkelen.

Utgiftsutjamninga skjer ved eit fråtrekk i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir lettdrivne), eller ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tungdrivne). Storleiken på fråtrekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i kommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i kommunen.


For 2025 er indeksen for Hjartdal 1,2767 mot 1,2533 i 2024. Dette betyr at vårt utgiftsbehov har auka vesentleg samanlikna med i fjor, og er langt høgare enn landsgjennomsnittet (1,0000). Det er berre Fyresdal og Nissedal som har høgare utgiftsbehov i Telemark.

Skatteutjamning

Skatteutjamninga jamnar delvis ut skilnader i skatteinntekter mellom kommunane. Skatteutjamninga er knytt til inntekts- og formueskatt frå personlege skattytarar og naturressursskatt frå kraftverk. Selskapsskatt og eigedomsskatt er ikkje omfatta.

Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet (kommune B) blir kompenserte for 64 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet (kommune A) blir trekte for 64 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skatteinntekter under 90 prosent av landssnittet (kommune C) blir i tillegg kompenserte for 35 prosent av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 prosent av landssnittet. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at kvar kommune blir trekt med eit likt beløp per innbyggjar.



Skatteutjamninga for kvar kommune blir berekna fortløpande ti gonger i året, etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Trekk eller tillegg i skatteutjamninga blir rekna av mot utbetalinga av rammetilskot til kommunen. Endeleg fordeling av rammetilskotet til kommunane vil ikkje vere klar før i februar 2026, når endelege skattetal for 2025 ligg føre.

Hjartdal kommune har forventa skatteinntekter på 97,0 prosent av landsgjennomsnittet. Det tyder at vi er ein «kommune B» i figuren over som inneber at vi får kompensert 60 prosent av differansen opp til landsgjennomsnittet.

Innbyggjartilskot

Utgangspunktet for innbyggjartilskotet som kommunane får utbetalt som ein del av rammetilskotet, er eit likt beløp per innbyggjar. Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane på grunn av utgiftsutjamninga. For 2025 utgjer innbyggjartilskotet for Hjartdal kommune inkl. inntektsgarantiordning ca. 79,0 millionar kroner. Dette er ein auke på 4,7 millionar kroner samanlikna med i fjor.

Skjønstilskot

Skjønstilskotet blir brukt til å kompensere kommunar for spesielle, lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Basisramma er sett til 800 mill. kroner og blir fordelt av Statsforvaltaren. Departementet gjev fylkesrammer for skjønsfordelinga til kommunane, og Statsforvaltaren fordeler fylkesramma til kommunane i samband med utarbeidinga av statsbudsjettet. Fordelinga skjer etter retningslinjer gjevne av departementet. Statsforvaltaren kan òg halde tilbake skjønsmidlar til seinare fordeling gjennom budsjettåret.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vil i 2025 ta i mot 55,1 millionar kroner. Det er ikkje sett av noko til Hjartdal for 2025.

Ved tildeling av fylkespotten skal Statsforvaltaren ta omsyn til spesielle utfordringar i kommunane. Hjartdal kommune blir òg tilført skjønnsmidlar som blir fordelt via Kongsbergregionen til ulike regionale prosjekt.

Tilskot med særskilt fordeling

I 2025 vil Hjartdal kommune totalt motta 1 593 000 kroner knytt til tilskot med særskilt fordeling. Dette er knytt til følgjande saker.

Helsestasjon og skulehelseteneste	kr	320.000,-
Tilbakeføring av halvparten av fordelingsvirkningen av nedvekting av PU-kriteriet	kr	238.000,-
Grunnskuletilskot	kr	564.000,-
Redusert maksimalpris i barnehage	kr	423.000,-
Vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå	kr	48.000,-

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Endringar i kriteriedata, befolkningsnedgang og systemendringar i inntektssystemet kan for enkelte kommunar føre til brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til det neste. Inntektsgarantiordninga skal skjerme kommunane mot slike endringar.
Ordninga er utforma slik at ingen kommune skal ha ein vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn kr 400 under veksten på landsbasis, målt i kroner per innbyggar.
Ordninga finansierast ved eit likt trekk per innbyggar i alle landets kommunar.


Veksten i rammetilskotet frå 2024 til 2025 er på landsbasis 1 068 kroner per innbyggar. Dette inneber at kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn 668 kroner per innbyggar, vil bli kompensert opp til denne vekstgrensa.

Hjartdal kommune har ein endring i rammetilskotet frå 2024 til 2025 på 3 919 kroner per innbyggar, og får difor ingen kompensasjon gjennom inntektsgarantiordninga for 2025.

Skatt på inntekt og formue

Skatt på inntekt og formue utgjer for Hjartdal kommune om lag 30 prosent av kommunen sine frie inntekter.

Hjartdal kommune sin del av skatteinntektene kommer hovudsakleg frå personlege skattytarar. Frå 2018 har utviklinga vore som vist under .



Søyla for 2023 er revidert budsjett tal og for 2024 anslag i Statsbudsjettet

Kraftinntekter

Kraftinntektene er ein viktig årsak til at Hjartdal kommune kan yte gode og desentraliserte tenester til sine innbyggjarar. Kraftinntektene er, saman med eigedomsskatten, årsaka til at Hjartdal kommune har eit inntektsnivå på rundt 22 prosent over landsgjennomsnittet.

tall i heile tusen					Budsjett	Økonomiplan		
	2021	**2022**	**2023**	**2024**	**2025**	**2026**	**2027**	**2028**
Skatt på eigedom	8 058’	7 121’	10 471’	10 047’	11 000’	11 000’	11 000’	11 000’
Naturressursskatt	5 421’	5 337’	5 075’	5 500’	5 000’	5 000’	5 000’	5 000’
Konsesjonsavgift	1 544’	1 544’	1 544’	1 700’	1 700’	1 700’	1 700’	1 700’
Konsesjonskraft	11 835’	23 311’	27 080’	19 250’	15 000’	15 000’	15 000’	15 000’
Sum	**26 858’**	**37 313’**	**44 170’**	**36 497’**	**32 700’**	**32 700’**	**32 700’**	**32 700’**

Tabellen over viser Hjartdal kommune sine samla kraftrelaterte inntekter.

Eigedomsskatt på vasskraftanlegg blir sett ut frå fleire kriteria. Verde rekna ut frå inntekter og utgifter i all framtid basert på gjennomsnitt siste fem år og minimums- og maksimumsverde for grunnlaget for eigedomsskatt: 0,95 og 2,74 kr/kWh, gjennomsnitt av produksjon siste 7 år.

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftselskap. Skatten blir berekna på grunnlag av gjennomsnittet av dei 7 siste års kraftproduksjon og utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen. Skatten er kommunen sin del av grunnrenta som blei innført i 1997 som ein særskatt på 31 prosent av ein særleg definert avkastning i kraftselskapa, utover det alminnelege overskotet. Naturressursskatten inngår i inntektsutjamninga.

Konsesjonsavgift er noko som blir pålagt konsesjonæren å betale til kommunen ved all kraftutbygging som krev konsesjon. Avgifta er både meint å gi kommunane ein del av verdiskapinga og ein kompensasjon for skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på annan måte. Konsesjonsavgifta baserer seg på ei berekning av kraftverka sin teoretiske produksjonskapasitet – dvs. naturhestekrefter. Avgifta blir fastsett som eit årleg beløp med indeksregulering kvart femte år.

Midlane skal brukast i tråd med vedtekne retningsliner for konsesjonskraftfondet og er ikkje frie midlar. I tråd med retningslinene bruker Hjartdal kommune konsesjonsavgiftene til drift av det kommunale næringsapparatet og tilskot til næringsrelatert verksemd.

Konsesjonskraft er den del av kraftproduksjonen som kraftføretaka blir pålagt å gi til dei kommunane som blir råka av kraftutbygging. Konsesjonskrafta er vertskommunen sin del av verdiskapinga. Hjartdal kommune tek imot konsesjonskraft tilsvarande eige forbruk på ca. 24 GWH og ytterlegare ca. 5 GWH som eit resultat av avtala mellom Telemark fylkeskommune og åtte kraftkommunar (herunder Hjartdal kommune) i øvre Telemark. Konsesjonskrafta blir seld gjennom konsesjonskraftstyret. Konsesjonskraftstyret er eit samarbeid innanfor kommunelova §27. Det er Konsesjonskraftstyret sitt budsjett som er lagt til grunn. Tabellen under viser utviklinga frå 2018 og prognosane for økonomiplanperioden. Alle beløp er i heile 1000 kr.




Kjelde: Konsesjonskraftstyret

Eigedomsskatt

Hjartdal kommune har eigedomsskatt på alle type eigedom. Dei samla eigedomsskatteinntektene er i 2025 berekna til å bli ca. 24,7 millionar kroner.

Eigedomsskatt på kraftverk er omtalt under avsnittet «kraftinntekter» ovanfor.

Kommunen har hatt eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader sidan 2014. I 2023 vart det gjennomført retaksering slik at det blei fastsett nye skattegrunnlag på alle eigedommane gjeldande frå 2024.Skattesatsen for desse eigedomane er nå 2,75 promille. Frå inntektsåret 2021 vart det vedteke ein nasjonal makssats på 4,0 promille. Denne var tidlegare 7,0 promille. Frå 2020 blei det innført ein obligatorisk reduksjonsfaktor i eigedomsskattetakstane på 30 % for bustader og fritidsbustader.



Figuren over viser korleis dei samla eigedomsskatteinntektene fordeler seg mellom ulike eigedomstype.

3.2.2. Finansområdet

Utbytte

Hjartdal kommune var tidlegare 100 prosent eigar av Hjartdal Elverk AS og fekk dei siste åra 250 000 kroner i årleg utbytte. I 2019 vart Hjartdal Elverk AS seld til Skagerak Energi.

I 2023 fekk Hjartdal eit utbytte på kr. 252.000,- av sin eigardel i Irmat AS. Det er ikkje venta at dette vil bli ei årleg utbetaling. Selskapet har enkelte år tidlegare utbetalt mindre beløp i utbytte.

Ingen av dei andre selskapa som Hjartdal kommune har eigarinteresser i er i ein situasjon der det er aktuelt å forvente utbytte.

Renteinntekter

For 2025 er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg avkastning på 4,40 prosent. I perioden er det lagt til grunn at denne avkastinga vert redusert i tråd med dei langsiktige rente prognosane fram til 2028.

Renteutgifter

Ein forventar i 2025 ei lånerente på 4,40 prosent og ein forventar ein svak nedgang utover i økonomiplanperioden. Tabellen under viser prognosane til Norges Bank, SSB og marknaden.

År	NB anslag styringsrente	NB anslag 3 mnd Nibor	Markedet (NIBOR 3 mnd)	Forslag rente Kommunal-banken	Lagt til grunn i økonomiplan


2025	4,15 %	4,28 %	3,80 %	4,40 %	4,40 %
2026	3,40 %	3,50 %	3,25 %	3,85 %	3,85 %
2027	2,85 %	3,10 %	3,30 %	3,90 %	3,90 %
2028	2,85 %	3,10 %	3,30 %	3,90 %	3,90 %

Med budsjettert lånegjeld pr. 31.12.2024 vil ei renteendring på 1% utgjere ein årleg auka/reduksjon av rentekostnadar på kr 2,3 mill.

3.2.3. Driftsutgifter

Rammeområda


Hjartdal kommune sine samla netto driftsutgifter er i konsekvensjustert budsjett på 198,4 millionar kroner.



Kjelde: Bevillingsoversikt – drift -fordelt på tenesteområde

Figuren over viser korleis driftsutgiftene er fordelt i konsekvensjustert budsjett mellom dei ulike funksjonane. Dei største utgiftsområda er knytt til barnehage/skule (27 prosent) og pleie/omsorg (30 prosent).

Ei samanlikning av korleis Hjartdal prioriterer ulike sektorar, samanlikna med andre kommunar kjem fram av figuren nedanfor. Prosentsatsane er ikkje direkte samanliknbare med prosentsatsane i figuren på neste side.



Kjelde: KOSTRA

Figuren over viser at Hjartdal kommune bruker ein liten del av sitt budsjett på barnehage og grunnskule samanlikna med landsgjennomsnittet. Dette til tross for ein høg kostnad per elev og ein kostbar struktur. Figuren viser at Hjartdal bruker ein større del av sitt budsjett til helse og omsorg som landsgjennomsnittet.

Løn

Lønsveksten i 2025 er forventa å bli på 4,5 prosent og er lagt til grunn i dette budsjettet.

Det kan kome endringar i talet på årsverk som resultat av dei tiltaka kommunestyret vedtek i økonomiplanen. I konsekvensjustert budsjett utgjer løn 60,1 prosent av driftsutgiftene. Dette er lågt samanlikna med andre kommunar. Noko som skuldast at kommunen kjøper ei rekkje tenester frå Notodden kommune. Indirekte er derfor lønskostnaden høgare.

Pensjon

Hjartdal kommune har pensjonsordningar for dei tilsette i følgjande ordningar:

- Fellesordninga i KLP (Kommunal landspensjonskasse)
- Sjukepleiarordninga i KLP
- Folkevalde i KLP
- Lærarordninga i SPK (Statens pensjonskasse)

Innanfor rammeområda blir det budsjettert med forventa premie som skal betalast.

I tillegg blir det gjort ei berekning av pensjonskostnaden etter eigen rekneskapsstandard. Det er denne berekninga som skal leggast til grunn ved rekneskapsføring av kommunen sine pensjonskostnader. Eit avvik mellom betalt premie og berekna og rekneskapsført premie skal førast som premieavvik og avskrivast/inntektsførast over 1 eller 15/10/7 år. Hjartdal kommune har valt 15/10/7 år.

Kommunen hadde ved siste årsskifte eit akkumulert negativt premieavvik på 22,9 millionar kroner. Det er forventa at dette vil auke til 24,22 millionar kroner per 31.12.24. Med kortare avskrivingstid, slik det nå har blitt, bidreg dette til auka kostnadar i økonomiplanperioden.

Noverande reglar har ført til at kommunane har kostnadsført langt mindre enn det dei har betalt i premie med svekka likviditet som verknad. Prognosane for 2025 tyder på at dette problemet auke ytterlegare. I tillegg er det all grunn til å tru at pensjonskostnadene vil auke sterkare enn andre lønskostnader framover. Dette er det tatt omsyn til i økonomiplanen. Dette blir ikkje kompensert og er med på å svekke kommuneøkonomien framover. Det er difor viktig å avsette til disposisjonsfond for å møte desse framtidige kostnadene. I konsekvensjustert budsjett er det ikkje teke omsyn til dette da nedgangen i inntekter ikkje gjer rom for nødvendige avsetningar.

Andre driftsutgifter


Andre driftsutgifter er definert som kjøp av varer og tenester. Desse kostnadane er vidareført på same nivå i konsekvensjustert budsjett for 2025 som i 2024 justert for prisvekst. For 2025 har regjeringa lagt til grunn ein prisvekst i kommunesektoren på 3,5 prosent. Der kommunen kjøper tenester frå andre kommunar er det lagt inn ei auke på 4,5 prosent for å kompensere for auka kostnader i vertskommunen. Vidare utover i økonomiplanperioden er det lagt inn nominelle tal.

3.2.4. Økonomiske nøkkeltal

Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er ein indikatorar som synleggjer kommunen sin likviditet. Arbeidskapitalen og utviklinga i denne fangar opp kor mykje kommunen har ”på bok” til å møte utgifter på kort sikt.

Figuren under viser at Hjartdal har hatt varierande arbeidskapital dei siste åra, men fekk ein kraftig auke etter salet av aksjane i Hjartdal Elverk AS i 2019.



Kjelde : KOSTRA


Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er det viktigaste nøkkeltalet i kommunesektoren. Det er KS og staten samde om. Talet viser om kommunen har midlar igjen for å ta vare på eiga formue og om kommunen tærer på oppspart kapital eller ikkje. Netto driftsresultat fortel ikkje alltid korleis den reelle, langsiktige driftsmarginen er, fordi det er enkeltinntekter og utgifter som forstyrrar biletet.

Det er derfor vanleg å operere med eit korrigert netto driftsresultat. Det er da justert for netto premieavvik og netto avsetningar til bundne fond.

Teknisk berekningsutval har ei generell tilråding om at netto driftsresultat bør være på 1,75%.

Ei samanlikning med kommune-Noreg gir følgjande resultat:



Kjelde: Kommunal Rapport


Figuren over viser at det både på nasjonalt nivå og i Hjartdal har vore svingingar i korrigert netto driftsresultat. Det vil alltid vere variasjonar frå år til år. Tilrådinga om 1,75 prosent netto driftsresultat bør derfor bli sett på i eit fleirårig perspektiv.

Det er ikkje realistisk å nå eit netto driftsresultat på 1,75 % i gjeldande økonomiplan periode grunna forventa underskot på sjølvkost innan vatn og avløp.

Lån og investeringar

Hjartdal kommune har tradisjonelt hatt eit lågt investeringsnivå. Etter bygging av ny skule og nytt omsorgssenter er lånegjelda auka, men er framleis under landsgjennomsnittet. Hjartdal har ei netto lånegjeld på 61,6 prosent av brutto driftsinntekter. På landsbasis ligg dette på 88,4 prosent.

Med netto lånegjeld meinast lån som kommunen har tatt opp til finansiering av kommunale investeringsføremål. Det betyr at lån til vidareformidling og pensjonsforpliktingar ikkje er tatt med.



Kjelde: KOSTRA

Dei kommunale låna til investeringsformål er igjen delt i to; - investeringar knytt til sjølvkostområda (primært vatn og avløp) og investeringar til formålsbygg/anlegg (skuler, barnehagar, sjukeheim, kulturbygg, administrasjonsbygg, vegar og parkar). Finansieringa av lån til tiltak innafor sjølvkostområda skil seg frå dei andre investeringane ved at kostnaden blir vidarefakturert til abonnentane gjennom årsgebyr og tilknytingsavgifter. Desse investeringane belastar såleis ikkje «kommunekassa». I Hjartdal er gebyra for vatn og avløp høge, men ikkje høge nok til å dekkje alle kostnadane. I Hjartdal vil derfor lånegjeld og avdrag på lån innanfor sjølvkostområda delvis bli belasta «kommunekassa».

Det er ikkje nokon grense for kor stor lånegjelda kan vere. Kommunen sitt kostnadsnivå knytt til løypande driftsoppgåver har stor innverknad på ei slik vurdering. Så lenge kommunestyret vedtek ein økonomiplan med eit akseptabelt netto driftsresultat som er i balanse, er kommunen i stand til å

handtere gjelda si. Kommunestyret må òg vurdere risikoen for auka lånerente ut over økonomiplanperioden.

I økonomiplanperioden er det nå berre lagt inn eit stort investeringstiltak som krev stort låneopptak. Dette er reinseanlegg i Sauland.

Hjartdal kommune har høg bruk av lån til sine investeringar. Hjartdal finansierar sine investeringar med 80,8 prosent lån, medan snittet ligg på 60-70 prosent. Det gjer Hjartdal meir sårbar for endringar i rentenivået enn andre kommunar.

Ingen nye investeringar er innarbeid i konsekvensjustert økonomiplan

Garantiansvar

I tillegg til eigne lån har Hjartdal kommune stilt garanti for desse låneopptaka:

IKA Kongsberg	1,06 millionar kroner
Russmarken VA AS	299,0 millionar kroner – (Restgjeld pr. 31.12.2023 var 271,5 mill.)

3.2.5. Fondsoversikt

Generelt


Hjartdal kommune har to ulike kategoriar fond: Ubundne fond og bundne fond.
Kvar av disse kategoriane delast igjen opp i driftsfond og investeringsfond.


Ubundne fond

Dette er fond som er bygget opp over tid gjennom avsetning av frie inntekter. Hjartdal kommune har både ubundne driftsfond og ubundne investeringsfond.

Ubunde driftsfond

Desse fonda står til kommunestyret sin frie disposisjon. Midlane kan nyttast både til drift og investering. Ved inngangen til 2024 utgjorde desse fonda til saman **48,6 millionar kroner.** Av dette er 37,0 millionar frå salet av aksjane i Hjartdal Elverk AS i 2019.
I sak 10/2024 vedtok kommunestyret å bruke kr. 19,31 millionar av disposisjonsfondet til å skyte inn aksjekapital i aksjeselskap med føremål å investere i Sauland kraftverk





Kjelde: KOSTRA

Tabellen over til venstre viser storleiken på alle ubundne disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter. Kommunestyret har vedteke ei målsetting om at disposisjonsfondet bør vere på 10% av brutto driftsinntekter. Dette er i tråd med nasjonale tilrådingar. Tabellen over til høgre viser storleiken alle dei ubundne disposisjonsfonda (blå søyle) og berre for det «ordinære» disposisjonsfondet (rød søyle). Behaldninga på «ordinært» disposisjonsfond bør vere over 20 millionar kroner.

Ubundne investeringsfond

Dette er fond som kommunestyret disponerer fritt – men berre til investeringsformål. Ved inngangen til året utgjorde fonda til saman 12,6 millionar kroner.

Bundne fond

Disse fonda kommer frå avsetningar som ikkje står til kommunestyret sin frie disposisjon. Dette betyr at fonda er øyremerka bestemte formål. Dette kan være overskot på sjølvkosttenester eller øyremerka tilskot som ikkje er nytta fullt ut ved rekneskapsavslutninga og som derfor har blitt avsett til bundne fond inntil midlane blir brukt.

Bundne driftsfond

Kommunen hadde ved inngangen av året til saman 11,8 millionar kroner i bundne driftsfond. Dei største enkeltfonda (større enn 0,5 million kroner), er «Testamentgåve Eldreomsorg» 2,2 millionar kroner og «Servicebygg Stavsro» 1,85 millionar kroner. Til saman er det 35 ulike fond i denne kategorien. Fonda kan berre nyttast etter føresetnadene i hovudsak gitt av ekstern gjevar.

Bundne investeringsfond

På same måten som for bundne driftsfond, er dette midlar som kommunestyret ikkje fritt kan disponere. Midlane skal berre kunne nyttast til investeringsformål og til det formål som er føresett. Til saman utgjer dette fondet 0,6 million kroner ved inngangen til året.

Sjølvkostområda

Med sjølvkostområda meinast dei tenestene der kommunen kan eller skal ta betalt av brukarane/abonnentane for dei tenestene dei mottek. Kommunen har ikkje lov til å tene på desse tenestene, men inntekt og utgift kan og må bli sett i eit fleirårig perspektiv. Viss ikkje vil investeringar og eingongskostnadar gi store utslag på gebyra det enkelte år. Bruk av sjølvkostfond skal over tid utjamne svingingar i utgiftsnivået.

Teneste	Sjølvkostgrad 2023	Prognose sjølvkostgrad 2024
Vatn	55 %	50 %
Avløp	40 %	47 %
Renovasjon	105 %	105 %
Slamtømming	103 %	140 %
Feiing	119 %	96 %
Plansaker	39 %	58 %
Byggesaker	52 %	27 %
Kart/oppmåling	102 %	44 %
Utsleppsløyve	83 %	93 %

Kommunen nyttar eksternt konsulentselskap Momentum til utarbeiding av sjølvkostprognosar og budsjettnotat som leggast ved budsjettsaka.
For 2025 er det føreslått å splitte vann og avløpsgebyr i 2 ulike gebyrsoner. Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt som eiga gebyrsone og resten av kommunen som eiga sone. Dette krev endring av lokal forskrift vass- og avløpsgebyr.

Resultatmål – økonomi:

Dimensjon/indikator	Status	Mål 2025	Akseptabelt	For svakt	Mål 2028
Arbeidskapital ex. premieavvik i % av brutto driftsinntekt	**23,7**	**>23**	**20-23**	**<20**	**>25**
Netto korrigert driftsresultat (%)	**-1,5**	**>0,5**	**-0,5-0**	**<-0,5**	**>0,00**
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt	**61,6**	**<70**	**70-80**	**>80**	**<70**
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	**17,8**	**>20**	**18-20**	**<18**	**>20**

Kommentar til måla:

Arbeidskapitalen ex. premieavvik: Gir uttrykk for kommunen si evne til å ha tilstrekkeleg med midlar til å møte sine løypande kostnader . Etter salet av aksjane i Hjartdal Everk AS i 2019 betra arbeidskapitalen seg vesentleg og låg ved utgangen av 2023 på 23,7 %. Resultatmålet er føreslått endra til å trekke ut premieavvik. Dette fordi det er det nøkkeltalet SSB brukar i sin KOSTRA rapportering.

Netto driftsresultat: Målet har tidlegare vært eit gjennomsnitt på 1,75 prosent i tilrådingar frå statlege myndigheiter. Med dei endringar i kostnadane på drift dei siste åra og utviklinga av frie inntekter er ikkje denne målsettinga realistisk. Grunna underskot på sjølvkost vil det ikkje gje positivt driftsresultat før ved utgangen av økonomiplan perioden.

Lånegjeld: Målet er å ha ein lånegjeld som ikkje overstig snittet i kommunegruppe 14. I 2023 var gjennomsnittleg lånegjeld i gruppe 14 71,0 prosent av brutto driftsinntekter. Nødvendige investeringar innan sjølvkost vil gjere at dette resultatmålet må justerast i løpet av økonomiplan perioden.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er kommunen sin "sparekonto". Disposisjonsfondet bør vere på 10 prosent av brutto driftsinntekter for å kunne handtere uførutsette hendingar. Her bør målet være at «ordinært» disposisjonsfond er på 10 prosent. Summen av disposisjonsfond i Hjartdal består fleire store øyremerka disposisjonsfond. Avsett disposisjonsfond etter sal av aksjane i Hjartdal Everk utgjer aleine ca. 16 %. Resultatmålet her bør aukast til 24 % ved utgangen av økonomiplanperioden. Det er ikkje realistisk i kommande økonomiplan å auke disposisjonsfondet grunna naudsynt dekking av negativt sjølvkost på vatn og avløp.

3.3. Konsekvensjustert budsjett

Med konsekvensjustert driftsbudsjett meiner vi ei vidareføring av dagens drift med uendra politikk. Det er likevel gjort endringar av meir teknisk karakter og forhold som ikkje let seg påverke av verken kommunedirektør eller kommunestyret. Dersom kommunestyret har fatta vedtak i løpet av 2024 som bind opp økonomien i åra framover er dette òg innarbeid i det konsekvensjusterte budsjettet.
Følgjande føresetnadar og endringar er lagt inn:

Eksterne forhold:

- Deflator (pris- og lønsvekst i kommunal sektor) på 4,1 prosent slik den går fram av Statsbudsjettet.
- Forventa frie inntekter (skatt og rammetilskot) basert på Statsbudsjettet og KS sin prognosemodell.
- Rentenivå på i tråd med Norges Bank og SSB sine prognosar.
- Pensjonskostnadar basert på prognosar frå KLP/SPK.
- Konsesjonskraftstyret sine prognosar for kraftinntekter, inkl. avtalefesta avsetning til fond.
- Forventa endring i eigedomsskattegrunnlag på kraftverk. Bereknast av gjennomsnittleg spot pris siste 5 år.
- Eigenkapitalinnskot i KLP i tråd med prognosane
- Driftsbudsjett Kongsbergregionen og K-IKT
- Driftsutgifter interkommunalt samarbeid

Forhold knytt til tidlegare vedtekne økonomiplanar

- Ingen nye investeringstiltak er lagt inn

Forhold knytt til kommunestyrevedtak i 2024

- Konsekvens av budsjettjusteringar

Endring frie inntekter
Grunna endringar i demografi og kostnadsindeksar i inntektssystemet får Hjartdal ein vekst på 6,6% i frie inntekter frå 2024 til 2025.

Skatt på eigedom
Eigedomsskatt på kraftverk er lagt på nivå med 2024 tal i heile økonomiplanperioden. Fastsetjinga av endeleg takst for 2025 kjem i slutten av november. Skattetakst på kraftverk er gjennomsnittleg verdi siste 5 år og svingar i takt med marknadsprisen på straum. Det har vore store svingingar i kraftprisen dei 2 siste åra. Dersom prisnivået i 2023 fortsett utover i økonomiplanperioden vil det gje grunnlag for auka eigedomsskatt på kraftverk.
Eigedomsskatt på bustad og fritidsbustad er lagt på nivå med 2024.

Barnehage og skule
Det er ikkje lagt inn rammekutt i konsekvensjustert basis, men det lagt fram tiltaksark om rammekutt.

Pleie og omsorg
Rammekutt vedteke i tidlegare økonomiplanar er ikkje lagt inn i konsekvensjustert basis. Det er heller ikkje lagt fram tiltaksark om rammekutt.

Helse og velferd
Rammekutt vedteke i tidlegare økonomiplanar er ikkje lagt inn i konsekvensjustert basis. Det er heller ikkje lagt fram tiltaksark om rammekutt.

Teknisk drift
Auka straumkostnader og auka rentekostnadar er med på å auke underdekninga på sjølvkost innan vatn og avløp. Kommunedirektøren meiner det ikkje tilrådeleg å belasta abonnentane med heile kostnadsauken.

Før kommunedirektøren presenterer nye tiltak, innsparingstiltak, auka inntening og investeringstiltak er situasjonen slik som vist i tabellen nedafor dersom dagens drift skal vidareførast utan avsetning til disposisjonsfond:

	2025	2026	2027	2028
Til fordeling drift	189 427’	190 077’	190 377’	190 577’
Utgifter	198 388’	197 688’	197 538’	197 438’
Budsjettbalanse	**-8 961’**	**- 7 611’**	**-7 161’**	**-6 861’**

Det konsekvensjusterte budsjettet viser kva for handlefridom som låg til grunn før rådmannen la fram sin tilråding. Kommunestyret må òg legge konsekvensjustert budsjett til grunn for sitt arbeid.

3.4. Tiltak

Kommunedirektør har utarbeidd ein *Tiltakskatalog* som er vedlegg til dette dokumentet.

Tiltakskatalogen inneheld mogelege tiltak for å oppnå budsjettbalanse. Tiltakskatalogen inneheld fleire tiltak enn det som er nødvendig for å skape budsjettbalanse, men den politiske handlefridomen er vesentleg mindre enn tidlegare år. Årsaka til det er at det allereie er gjennomført mange

innsparings- og forbetringstiltak dei siste åra i tillegg til at dei økonomiske rammevilkåra er ytterlegare innstramma.

Kommunedirektør vil be om, at når politikarane fremjar verbalforslag, at det blir utarbeida politiske tiltaksark, slik at administrasjonen får informasjon om mål, framdrift, ønskja løysing og økonomi. Kommunedirektøren vil ila vinteren, leggje fram ei sak som grunnlag for prioritering av ressursbruk mm.

Det er viktig å gjere merksam på at enkelte kombinasjonar av tiltak ikkje er mogeleg/formålstenleg. Rådmannen har i år nytta same nummerering, med bokstav a, b osv for enklare å synleggjere desse tiltaka.

Dei folkevalde vil som i tidlegare år få eit elektronisk verktøy (rekneark) der dei kan legge til og trekke frå tiltak - og sjå effekten av dette på den totale budsjettbalansen.

Tabellen under er ei oppsummering av dei tiltaka som er beskrive i tiltakskatalogen.

DRIFTSTILTAK		2025	2026	2027	2028
D-1	Auke promillesats eigedomsskatt	-3 400’	-4 300’	-4 300’	-4 300’
D-2	Redusert promillesats eigedomsskatt ubygde tomter	910’	910’	910’	910
D-3	Redusere tilskot lag og foreiningar	-360’	-360’	-360’	-360
D-4	Betalt SFO	-141’	-353’	-353’	-353’
D-5	Rammekutt reinhald	-300’	-300’	-300’	-300’
D-6	Rammekutt oppvekst	-400’	-950’	-950’	-950’
D-7	Ny fastlegehjemmel	680’	1 360’	1 360’	1 360’
D-8	Kontrollutval – Forvaltningsrevisjon	200’			
D-9	Rullering samfunnsplan	700’	200’	200’	200’
D-10	Samarbeidsavtale NIA – Alt. 1	750’	750’	750’	750’
D-10	Samarbeidsavtale NIA – Alt. 2	500’	500’	500’	500’
D-10	Samarbeidsavtale NIA – Alt. 3	400’	400’	400’	400’
D-11	Veterinærvakt	300’	300’	300’	300’
D-12	Tilskot kyrkjeleg fellesråd	-250’	-250’	-250’	-250’
D-13	Effekt av VA-plan – Alt. 1 10 tilknytingar årleg		-2 294’	-2 475’	-2 656’
D-13	Effekt av VA-plan – Alt. 2 20 tilknytingar årleg		-4 589’	-4 950’	-5 312’
D-13	Effekt av VA-plan – Alt. 3 40 tilknytingar årleg		-9 177’	-9 901’	-10 624
D-14	Vedlikehald bygg	-500’	-500’		

INVESTERINGSTILTAK		2025	2026	2027	2028	TOTALT
I-1	Regionale IKT-tiltak	446’				446’
I-2	Bytte av biblioteksystem	125’				125’
I-3	Nytt reinseanlegg Sauland	500’	500’	10 000’	8 000’	19 000’
I-4	Overordnet VA-plan	950’	950’			1 900’
I-5	Asfaltering ved legekontoret	190’				190’
I-6	Nytt lager- og verkstadbygg	7 500’				7 500’
I-7	Carportar for heimetenesta	1 600’				1 600’
I-8	Overtaking VA-anlegg Russmarken	280 000’				280 000’

3.5. Gebyr og betalingssatsar

Forslag til gebyr og betalingssatsar går fram av vedlegget *Gebyr og betalingssatsar 2025.*

Foreldrebetalinga i barnehagane følgjer den til ein kvar tid fastsette makspris i Statsbudsjettet.
Matpengar i barnehage aukast med 5 % som er i takt med prisauken på matvarer.
Matpengar SFO er også føreslått auka med 5 %.

Betalingssatsane innafor helse og omsorgstenesta er foreslått auka med 5 %, eller å følgje dei maksimale nasjonale forskriftene.

I 2011 og 2012 gjorde kommunen vedtak om innføring av sjølvkostfond innanfor dei tenesteområde som kommunen etter lov og forskrift kan eller skal ta sjølvkost for tenestene. Noko av formålet med sjølvkostfonda er at gebyra skal ha ei føreseieleg utvikling. Dersom sjølvkost skulle bli berekna for kvart enkelt år ville det føre til at gebyra varierte mykje frå år til år.

For vatn og avløp tek ikkje Hjartdal kommune gebyr tilsvarande sjølvkost. Det er potensial for å auke gebyrinntektene vesentleg, men kommunen har allereie eit avgiftsnivå på Norgestoppen. Dersom praksisen med å subsidiere vatn- og avløpsgebyra held fram inneber dette at det er fellesskapet - ikkje berre dei som mottek tenesta - som er med på å betale for tenesteproduksjonen. Det er dei planlagde drifts- og investeringstiltaka som ligg til grunn for sjølvkostberekningane og forslaga til gebyr og betalingssatsar.

Innafor sjølvkostområda er det foreslått følgjande endringar:

- Vatn og avløp
    - Det opprettast 2 gebyrsoner
        - Kostulheia - Russmarken reinsedistrikt
        - Resten av kommunen
    - Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt
        - Årsgebyr vann og avløp – auke 20 %
        - Tilknytingsavgift – ingen endring
    - Resten av kommunen
        - Vatn – auke 25 %
        - Avløp – auke 5 %

- Slam – auke 20 %
  Grunna kraftig auke i kostnadane på levering av slam dei siste åre har det bygd seg opp eit stort negativt sjølvkostfond. Noko av dette er henta inn i 2022 og 2023, men det er behov for å auke inntektene ytterlegare for å dekke dette inn. Kommunen er lovpålagt å gå i balanse over tid.

- Renovasjon
    - Bustad – auke 8 %
    - Fritidsbustad – auke 8 %

- Feiing og tilsyn – reduksjon 20 %
- Gebyr etter plan- og bygningslova – auke 15 %
- Kart og oppmåling – auke 15 %

3.6. Kommunedirektøren si tilråding

Den økonomiske situasjon gjer ikkje handlingsrom. Jfr. kommunedirektøren si innleiing.

Det er difor fremma fleire tiltak for å redusere kostnadene, auke inntektene og nokon nødvendige investeringar. I tillegg er det rammekutt der ein vurderar det som realistisk, og i noko grad konkret.

Kommunedirektøren foreslår likevel nokon tiltak med bakgrunn i kommunestyret sin vedteke om planstrategi kor samfunnsplanen og overordna VA-plan er prioritert. I tillegg kjem det endringar i avtala knytta til veterinærvakt.

Fleire av tiltaka i tiltakskatalogen er utan vidare prioritering frå kommunedirektøren si side.

Kommunestyret har tidlegare vedteke ei målsetting om eit netto driftsresultat på 1,75 prosent. Dette er i tråd med dei nasjonale tilrådingane om ein sunn kommuneøkonomi. Kommunedirektøren sin tilråding syner at målet kan nås om ein brukar handlingsrommet.

Tilråding:

DRIFTSTILTAK		2025	2026	2027	2028
D-1	Auke promillesats eigedomsskatt	-3 400’	-4 300’	-4 300’	-4 300’
D-2	Redusert promillesats eigedomsskatt ubygde tomter	910’	910’	910’	910
D-4	Betalt SFO	-141’	-353’	-353’	-353’
D-5	Rammekutt reinhald	-300’	-300’	-300’	-300’
D-6	Rammekutt oppvekst	-400’	-950’	-950’	-950’
D-9	Rullering samfunnsplan	700’	200’	200’	200’
D-11	Veterinærvakt	300’	300’	300’	300’
D-13	Effekt av VA-plan – Alt. 3 40 tilknytingar årleg		-9 177’	-9 901’	-10 624
D-14	Vedlikehald bygg	-500’	-500’		

INVESTERINGSTILTAK		2025	2026	2027	2028	TOTALT
I-1	Regionale IKT-tiltak	446’				446’
I-2	Bytte av biblioteksystem	125’				125’
I-3	Nytt reinseanlegg Sauland	500’	500’	10 000’	8 000’	19 000’
I-4	Overordnet VA-plan	950’	950’			1 900’
I-5	Asfaltering ved legekontoret	190’				190’
I-6	Nytt lager- og verkstadbygg	7 500’				7 500’
I-7	Carportar for heimetenesta	1 600’				1 600’
I-8	Overtaking VA-anlegg Russmarken	280 000’				280 000’

Investeringstiltak konsekvensar på driftsbudsjettet

INVESTERINGSTILTAK		2025	2026	2027	2028
I-1	Regionale IKT-tiltak	10’	78’	76’	74’
I-2	Bytte av biblioteksystem	2’	14’	14’	13’
I-3	Nytt reinseanlegg Sauland	11’	46’	166’	450’
I-4	Overordnet VA-plan	17’	120’	208’	202’
I-5	Asfaltering ved legekontoret	3’	10’	10’	10’
I-6	Nytt lager- og verkstadbygg	132’	351’	349’	345’
I-7	Carportar for heimetenesta	28’	75’	75’	75’
I-8	Overtaking VA-anlegg Russmarken	-5 506’	1 480’	1 328’	1 035’

3.7. Formannskapet si tilråding

3.8. Kommunestyret sitt vedtak

3.9. Økonomioversiktar

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	R.Budsjett 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan 2026	2027	2028
Rammetilskot	76 235	78 542	87 677	87 677	87 677	87 677
Inntekts- og formueskatt	53 674	56 200	60 000	60 000	60 000	60 000
Eigedomsskatt	17 794	23 300	27 190	28 090	28 090	28 090
Andre generelle driftsinntekter	38 200	38 080	32 380	32 380	32 380	32 380
Sum generelle driftsinntekter	**185 903**	**196 122**	**207 247**	**208 147**	**208 147**	**208 147**
Sum bevilgninger drift, netto	174 973	192 607	181 247	170 108	169 634	168 411
Avskrivninger	8 873	9 000	9 800	9 800	9 800	9 800
Sum netto driftsutgifter	**183 846**	**201 607**	**191 047**	**179 908**	**179 434**	**178 211**
Brutto driftsresultat	**2 057**	**-5 485**	**16 200**	**28 239**	**28 713**	**29 936**
Renteinntekter og utbytte	-3 101	-3 250	-2 450	-2 200	-2 200	-2 200
Utbytter	-308	-	-	-	-	-
Gevinst og tap finansielle omløpsmiddel	-	-				
Renteutgifter	7 789	10 903	21 497	20 260	20 020	19 864
Avdrag lån	6 000	6 500	8 000	15 814	15 906	16 240
Netto finansutgifter	**10 381**	**14 153**	**27 047**	**33 874**	**33 726**	**33 904**
Motpost avskrivninger	8 873	9 000	9 800	9 800	9 800	9 800
Netto driftsresultat	**549**	**-10 638**	**-1 047**	**4 165**	**4 787**	**5 832**
Disponering eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	-	-1 459	-500	-500	-500	-500
Avsetning til bundne driftsfond	-3 074		-	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	1 987	650	720	720	720	720
Avsetninger til disposisjonsfond	538	-		-4 385	-5 007	-6 052
Bruk av disposisjonsfond	-	11 447	827	-	-	-
Dekning av tidligere års meirforbruk	-	-	-	-	-	-
Sum disponering eller dekning av netto driftsre	**-549**	**10 638**	**1 047**	**-4 165**	**-4 787**	**-5 832**
Fremført til inndekning i senere år (meirforbruk)	0	-	-	-	-	-

BEVILGNINGER – DRIFT - FORDELT PÅ TENESTEOMRÅDE

	Regnskap	R.Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Til fordeling drift:	**174 973**	**192 607**	**181 247**	**170 108**	**169 634**	**168 411**
Politisk styring og kontroll	3 761	3 019	3 304	3 204	3 304	3 204
Administrasjon	24 889	22 158	24 101	24 301	24 301	24 301
Barnehage og skule	54 706	54 972	58 076	57 314	57 514	57 514
Kultur og kyrkje	7 620	8 276	8 311	8 311	8 311	8 311
Helse og velferd	36 069	37 773	36 991	36 991	37 291	37 291
Pleie og omsorg	63 307	62 868	63 470	63 470	63 470	63 470
Plan, næring og utvikling	8 244	7 394	7 617	6 317	6 067	6 067
Teknisk drift	19 905	14 022	-3 663	-12 840	-13 664	-14 787
Fellesområde	-43 529	-17 875	-16 960	-16 960	-16 960	-16 960
Sum	**174 973**	**192 607**	**181 247**	**170 108**	**169 634**	**168 411**
BUDSJETTSKJEMA 1B DRIFT			**181 247**	**170 108**	**169 634**	**168 411**

BEVILGNINGSOVERSIKT – INVESTERING

Tal i heile tusen	Regnskap 2023	R.Budsjett 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan 2026	2027	2028
Investeringer i varige driftsmidler	25 553	42 165	291 311	1 450	10 000	8 000
Tilskudd til andres investeringer	-	-	-	-	-	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	507	551	500	500	500	500
Utlån av egne midler	4 500	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-	-	-
Sum investeringsutgifter	**30 559**	**42 716**	**291 811**	**1 950**	**10 500**	**8 500**
Kompensasjon for merverdiavgift	1 424	2 163	2 073	190	-	-
Tilskudd fra andre	-	1 000	-	-	-	-
Salg av varige driftsmidler	337	850	-	-	-	-
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
Bruk av lån	23 791	38 152	289 238	1 260	10 000	8 000
Sum investeringsinntekter	**25 553**	**42 165**	**291 311**	**1 450**	**10 000**	**8 000**
Videre utlån	3 000	10 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Bruk av lån til videre utlån	3 000	10 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Avdrag på lån til videre utlån	224	200	400	400	400	400
Mottatte avdrag på videre utlån	28	200	400	400	400	400
Netto utgifter videre utlån	**196**	-	-	-	-	-
Overføring frå drift	-	-1 459	-500	-500	-500	-500
Avsetninger til bundne investeringsfond	-					
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-	-	-
Avsetninger til ubundet investeringsfond						
Bruk av ubundet investeringsfond	-4 500					
Dekning av tidligere års udekket beløp	205	908	-	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	**-4 295**	**-551**	**-500**	**-500**	**-500**	**-500**
Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	908	-	-	-	-	-

BEVILGNINGER – INVESTERING - FORDELT PÅ PROSJEKT

Tal i heile tusen	R.Budsjett 2024	Budsjett 2025	Økonomiplan 2026	2027	2028	Totalt 2025-2028
Regionale IKT-tiltak	240	446				446
Nytt biblioteksystem		125				125
Nytt reinseanlegg Sauland		500	500	10 000	8 000	19 000
Overordnet VA-plan		950	950			1 900
Asfaltering ved legekontor		190				190
Nytt lager- og verkstadbygg		7 500				7 500
Carportar for heimetenesta		1 600				1 600
Overtaking VA-anlegg Russmarken		280 000				280 000
Utstyr til legekontoret	490					-
Bustadplan - Nye bustader til utleige	25 000					-
Universell utforming kommunehus	1 600					-
Inventar kommunestyresal	170					-
Uteområde Sauland skule	550					-
Utlånslager	100					-
Ny barnehage Hjartdal	2 400					
Nytt reinseanlegg Russmarken	1 900					
Reguleringsplan Ørvella	300					
Næringsareal Ørvella	1 200					
Trykkavløp Russmarken hytteområde	310					
Hjartdal Helsehus	7 475					
Varmepumpe Sauland barnehage	160					-
GAT programvare	270					-
Sum	**42 165**	**291 311**	**1 450**	**10 000**	**8 000**	**310 761**

ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT

Utarbeidast etter endeleg vedtak

OVERSIKT / UTVIKLING LANGSIKTIG LÅNEGJELD